

Tilstandsrapport for barnehage og skule 2019

Os kommune

Godkjent i Os kommunestyre 22.10.2019

Forord

«Alle barn er våre barn» - det er utgangspunktet for alle vaksne som arbeider i barnehage og skule i Os. Gjennom å møte det enkelte barn der dei er, skal vi bidra til meistring, anerkjenning, tryggleik og ei oppleving av å høyre til. Livsmeistring er tema både i barnehage og skule.

Vi legg vekt på å sikre «ein raud tråd» gjennom oppveksten til barn og unge, og difor legg vi fram samla tilstandsrapport for barnehage og skule. Gode overgangar står sentralt på alle oppvekstarenaer i Os. I barnehagen skal barn oppleve meistring og inkludering. Dei skal utvikle grunnleggande kunnskap og ferdigheter, slik at dei har eit godt grunnlag for å trivast på skulen og lukkast i utdanningsløpet. Ein felles tilstandsrapport skal hjelpe oss med eit felles blikk i vidareutvikling av barnehage og skule. Tilstandsrapporten er eit godt grunnlag for å gje oppveksteigar eit kunnskapsbasert og bevisst forhold til innhald og kvalitet i barnehage og skule.

Opplæringslova §13-10 pålegg skuleeigar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, dvs. kommunestyret, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Rapport om tilstanden i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigar kan velje ut fleire område som blir vektlagt i tilstandsrapporten. Det føreligg ikkje lovkrav om å utarbeide tilsvarande tilstandsrapport for barnehagane. I Os kommune la vi fram ei samla tilstandsrapport første gang i 2017, og arbeidet med å stadig styrke «den raude tråden» gjennom barnehage og skule har halde fram også det siste året.

Det er stor merksemrd på kvalitetsarbeid og forskingsbaserte tilnærmingar i barnehage og skule i Os. I arbeidet med tilstandsrapporten har det òg vore viktig å ha med seg at «det som tel ikkje alltid kan teljast». For å gi eit innblikk i kvardagen i barnehage og skule, er det tatt med praksisforteljingar.

I arbeidet med tilstandsrapporten inviterte vi alle samarbeidsutvala (SU) i barnehagane og skulane til dialogmøte om innhaldet i tilstandsrapporten. Tilsette, foreldre og politikarar må spele på lag for å gje barn og unge gode oppvekstvilkår. «Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn». Tilstandsrapporten er eit verktøy for politikarene som oppveksteigarar. I tillegg er det ein viktig reiskap for barnehagane og skulane i det interne utviklingsarbeidet for å sikre heilskap i tenestene – i samarbeid med elevar, foreldre og fagtenester.

Vi takkar for det gode arbeidet og den omfattande innsatsen som blir lagt ned i alle barnehagane og skulane kvar dag – og ønskjer lukke til i barnehage- og skuleåret 2019/20.

Os, 7. oktober 2019

Line Rye
Kommunalsjef

Per Olav Sørås
Fagsjef skule og barnehage



Del I: Barnehage



BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Kapittel I: Innleiing

Viktige hendingar

Alle barn med rett til plass fekk tilbod om barnehageplass i samordna opptak 2018. Opptaket blei avslutta i mai 2019.

- Bemannning: Stortinget vedtok ny pedagog- og bemanningsnorm som tredde i kraft 1. august 2018. Barnehageåret 2018/2019 var eit overgangsår, og tal frå rapportering per 1. august 2019 syner at barnehagane i Os kommune innfrir krav om bemanning. Kontroll av tal barn og bemanning syner at barnehagane i Os kommune blir drifta i tråd med barnehagen si godkjenning.
- Tidleg innsats: Frå og med 1. august 2019 er retten til gratis kjernetid utvida til også å gjelde toåringar. Hushaldningar som har ei samla inntekt som er lågare

enn 548 500 kroner per år kan søke om gratis kjernetid: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/barnehage/foreldrebetaling/>

- Foreldreundersøking: Alle barnehagane i Os kommune deltok i Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking i 2018. Gjennomføringsperioden for foreldreundersøkinga blir i 2019 utvida frå 1. november til 20. desember: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/bruikerundersokelser/foreldreundersokelsen-i-barnehage/>
- Barnehagar og skular deltok i 2018/2019 i implementering av Språkløyper – Overgang frå barnehage til skule. <https://sprakloyper.uis.no/barnehage/overgang-fra-barnehage-til-skole/?categoryId=20729>

- Arbeidet har resultert i Plan for overgangar i Bjørnafjorden kommune.
- Hørselstest før skulestart: Helsjukepleiarar frå helsestasjonen har gjennomført hørselstest i barnehagane. Gjennomføringa av testen i barna sine trygge omgjevnader blei ei positiv oppleving for alle partar, og vil bli ein fast rutine.
- DUÅ (De utrolige årene) blir implementert i barnehagane, og oppsamlingskurs for nytilsette blir gjennomført.
- Arbeid med barnehagebrukssplan er satt på vent til 2020. Planen vil synleggjere utvikling i barnetal, utbyggingsmønster og framtidige behov for barnehageplassar.

Det er ikkje lovpålagt å utarbeide tilstandsrapport for barnehage, men vi vel å gjere dette for å sjå heilskapen i barnehage- og skuleløpet til det enkelte barn. I tillegg til familie, heim og nettverk legg barnehagane eit viktig grunnlag for det enkelte barn si utvikling, meistring og tryggleik. Barnehagane har god dialog med fagtenestene og skulane. Det er tredje gong vi leverer tilstandsrapport for barnehage, og form og innhald er i stadig utvikling. Som tidlegare vel vi å legge vekt på den raude tråden som synlegger felles satsingar som livsmeistring, psykososialt miljø og relasjonskompetanse, språkutvikling og overgang barnehage/skule.

Tilstandsrapporten for barnehage legg vekt på å gje eit samla bilet av barnehagedrifta i kommunen. Kommunen som barnehagemynde har eit over-



ordna ansvar for å sikre eit kvalitativt godt og likeverdig barnehagetilbod til alle barn i Os kommune, uavhengig av barnehageeigarar.

Arbeidet i barnehagane er heimla i Lov om barnehagar og i ny rammeplan. Rammeplanen legg klare føringar for barnehagen sitt innhald, oppgåver, mål og satsingar. Han legg òg føringar for oppvekstområdet sine felles satsingar. Oppvekst og kultur arbeider kontinuerleg med å bistå barnehagane i arbeid som sikrar alle barn mogelegheit til å ta del i det allmennpedagogiske arbeidet: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Foreldrestemma på barnehageområdet når oss gjennom direkte kontakt i enkeltaker, gjennom Udir (Utdanningsdirektoratet) si årlege nasjonale foreldreundersøking, gjennom møte med representantar i SU ved tilsyn i barnehagar og i årlege møter med SU ved gjennomgang av tilsynsrapport om hausten. Foreldrestemma når oss òg

gjennom styrar i barnehagane.

Barnehagane i Os kommune har lenge hatt tradisjon for å gjennomføre foreldreundersøking. Tal syner at foreldre jamt over er veldig godt nøgde med barnehagetilbodet som blir gitt i Os kommune. I 2018 deltok alle barnehagane i Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking, som blei gjennomført for tredje gong hausten 2018. På ein skala frå 1 til 5 hadde vi i 2018 eit snitt på 4,48, mot nasjonalt gjennomsnitt på 4,41. Samla sett er det grunn til å vere nøgd, og resultata blir følgt opp i felles treffpunkt med barnehagane.

Tal frå barnehagane i Os kommune finn ein på Barnehagefakta: <https://www.barnehagefakta.no/kommune/1243/os>

I 2018 fekk Hegglandsalen barnehage eit resultat på 4,9. Det gode resultatet førte Hegglandsalen barnehage inn på Utdanningsdirektoratet si liste over 248 barnehagar av 3169 i Norge som blir rangert heilt i toppsjiktet.

Familien dannar den viktigaste ramma rundt barn sitt liv og utvikling. Å støtte opp om barn sin familie er av stor betydning for heile oppvekstområdet. Hausten 2018 var starten på eit utvida samarbeid mellom barnehage og helsestasjon. Nasjonale retningslinjer for helsestasjonen slår fast at helsestasjonen skal ha ein samarbeidsavtale med barnehageområdet. Saman med representantar frå barnehagane har helsestasjonen utarbeidd eit framlegg som skal vedtas i samband med kommunesamanslåing og nye Bjørnafjorden kommune.

Satsinga er forankra i regjeringa sin strategi for foreldrestøtte (2018 – 2021) Trygge foreldre – trygge barn: https://www.regjeringen.no/contentassets/23fff4c08d-0440ca84543ff74786c6a0/bld_foreldrestotte_strategi_21juni18.pdf

Barnehageområdet har sidan førre tilstandsrapport hatt kommunesamanslåinga i fokus. Felles møtepunkt er

etablert med barnehagane på begge sider av fjorden, og grunnlag for god samhandling og heilskap på barnehageområdet er etablert. Oppbygging av nye informasjonskanalar og saksbehandlingssystem i Bjørnafjorden kommune er under arbeid, og skal sikre god og nødvendig informasjon til innbyggjarar, tilsette og barnehageeigarar frå 01.01.2020.

Barnehagestrukturen i Os kommune 2018

Totalt 17 barnehagar fordelt på 13 eiggarar:

- 14 private barnehagar med ordinær barnehagedrift som tilbyr 85% av barnehageplassen i Os kommune
- 1 privat open barnehage, gratis tilbod 1 dag pr. vike
- 2 kommunale barnehagar



Kapittel 2. Kommunale barnehagar



Kommunale barnehagar og satsingar

Os kommune er eigar av to barnehagar. Barnehageopptaket viser at vi i løpet av hausten 2019 vil ha totalt 200 barn (69 små barn [0-2 år] og 131 store barn [3-6 år]) i dei kommunale barnehagane. Det har vore reduksjon på ti barn frå tilsvarende tidspunkt i fjor. Denne reduksjonen er i Os barnehage. Bemannning er tilpassa til ny drift.

Det kom ny Rammeplan for barnehagen 01.08.17. Det har vore jobba med implementring av denne også i barnehageåret 2018/19. Livsmeistring, som har vore eit felles satsingsområde for

heile oppvekstområdet i Os kommune, står sentralt i rammeplanen.

Dei to barnehagane har eit godt samarbeid på tvers, og har det siste barnehageåret også etablert samarbeid med dei kommunale barnehagane i Fusa.

Tal i Barnehagefakta blir rapportert inn årleg, og det er viktig å vere merksam på at situasjonen kan ha endra seg sidan tala blei rapportert inn. Tala er per 15.12.18. Nedanfor gir vi eit bilet av fakta frå dei to kommunale barnehagane:

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Kommunale barnehagar	3. Barnehagetvikling	4. Barnehagemynde	5. Fellessatsingar barnehage og skule	6. Oppveksteigar
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Os barnehage



Lysekloster barnehage



BARNEHAGE

1. Inndeiling

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Inndeiling

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Begge dei kommunale barnehagane oppfylte pedagognorma heile barnehageåret 2018-19. Når det gjeld bemanningsnorma, var ho oppfylt i Os barnehage i 2018-19, men i Lysekloster barnehage har dei hatt 6,06 barnehageplassar per vaksen, mot norma på 6,0. At vi ikkje oppfylte norma per 15.12.18, skuldast små endringar i barnegruppa. For barnehageåret 2019-2020 er grunnbemannninga i Lysekloster barnehage auka med 0,5 årsverk. For 2019-20 oppfyller dermed begge dei kommunale barnehagane både pedagognorm og bemanningsnorm, og norma er sikra også ved mindre endringar i barnegruppene.

I begge dei kommunale barnehagane ligg vi betre enn snittet i Os når det gjeld andel tilsette med barnehagelærarutdanning. Vi ligg på høvesvis 47% og 45%, medan Os kommune samla ligg på 44%. Det nasjonale

gjennomsnittet er 40%. Vi har god dekning på fagarbeidarar når vi samanliknar med gjennomsnitt i Os og med landsgjennomsnittet (30% med anna utdanning). Foreldretilfredshetsundersøkinga har hatt god svarprosent i begge barnehagane, og resultata er gode. I Os barnehage er gjennomsnittet høgare enn på nasjonalt nivå, i Lysekloster ligg gjennomsnittet litt under. Begge barnehagane har jobba systematisk med resultata saman med personalet i barnehagen og foreldra. Forelderundersøkinga er ei viktig kjelde til dialog og læring.

Arbeid med DUÅ, livsmeistring og Språkløyper

Os kommune har over tid hatt felles satsing på DUÅ-programmet (De ute-lige årene) og den nasjonale satsinga Språkløyper. I tillegg starta vi i 2017 med eit tverrfagleg satsingsområde, «Livsmeistring for barn og unge –

korleis arbeider vi saman om dette i vår kommune?» Vi er inne i vårt tredje år i denne satsinga, og vil ha fokus på «å høyre til», vennskap og nytta læringsressursen «Jeg vet» i regi av Bufdir. Dette er ein læringsressurs for voldsforebygging og livsmeistring i barnehage og skule.

Frå Lysekloster barnehage

I Lysekloster barnehage jobbar vi vidare med leik og vaksenrolle i leiken i det komande barnehageåret. Leiken er barna si viktigaste uttrykksform, og gir oss ein unik sjanse til arbeid med livsmeistring og det psykososiale miljøet i barnegruppene. Strategiane i DUÅ vil vere gode reiskaper i dette arbeidet.

Dei fleste i barnehagen har gjennomgått kurspakkane i den nasjonale satsinga Språkløyper. Det blir viktig for oss å følge opp dette arbeidet. I månadsplanane vil det kome fram kva og korleis vi har dette arbeidet i fokus. Vi deltok i den kommunale satsinga «Språkløyper – overgang frå barnehage til skule» sist barnehageår. Vi ønskjer å jobbe systematisk vidare med dette i forskulegruppa i 2019/20, og håpar også å få til eit utvida samarbeid med Lysekloster skule kring dette temaet.



Ein trygg og god overgang frå barnehage til skule

I 2018/19 gjennomførte vi i Os kommune den nasjonale satsinga Språkløyper sin kompetanseutviklingspakke «Overgang frå barnehage til skule». Det blei gjennomført seks nettverk der styrar, rektor og pedagogar frå barnehage og skule deltok. Målet med denne satsinga er å auke kunnskapen om korleis vi kan utvikle rutinar og system som ivaretak barna si språk-, lese- og skriveutvikling i overgangen frå barnehage til skule.

Frå Os barnehage Overgang barnehage - skule

I Rammeplanen står det at barnehage og skule skal legge til rette for at barnet skal få ein trygg og god overgang. Barnehage og skule skal utveksle kunnskap og informasjon, etter samtykke frå foreldre, og barnehagen skal gi barnet erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gi eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Os barnehage følger Overgangsplan for Os kommune i dette arbeidet.

I august kjem dei eldste barna attende og gler seg til å vere Rev i Os barnehage (Rev er førskulebarna i Os barnehage). Revane har eiga gruppe kva veke. Gruppene er leia av pedagogar og fagarbeidarar som kjenner barna. Innhaldet desse timane følger eit oppsett som er laga av våre erfarne pedagogar. Opplegget bygger på Lese-skriveglede, Trampoline, Agder-prosjektet, Rekn med Os og pedagogane sine tidlegare erfaringar. I opplegget er det lagt inn tilpassingar for å kunne møte barn på ulikt utviklingsnivå.

Gruppene har fast tid kvar veke, er på fast stad og følger fast oppstart og avslutning. Dette for å sikre gode rutinar, forutsigbarhet og likt innhald for alle førskulebarna.

I januar/februar har vi eige foreldremøte for foreldra til førskulebarna. På møtet presenterer vi opplegget dei har i førskulegruppa, vi seier litt om forventningar og litt om arbeidet spesifikt dette året. Rektor frå Os barneskule er med på møtet, ho høyrer om opplegget i barnehagen, og har innlegg til foreldra om kva dei kan forvente i samband med oppstart på skulen og kva skulen forventar av dei. Det blir gjennomført samtalar med alle førskulebarna, med særskild fokus på trivsel og sosialt fellesskap. Desse samtalene er basis for samtale med foreldra i mars/april. I samband med denne samtalen ber vi foreldra om å signere samtykkeskjema for å overføre informasjon til skulen. I løpet av våren blir førskulegruppa invitert til Os skule. Dei har eit flott opplegg for oss den formiddagen, som gir barna innsikt og kjennskap til «skule og sfo»-omgrepet.

I mai har førskulebarna felles formiddagsmåltid, med pynta bord og buffé. Då er barn som skal på same skule samla rundt eit bord i lag med vaksne. I mai inviterer vi til overgangssamtale med representantar frå dei skulane vi har barn som skal vidare til. Samtalane følger eit fast skjema, der fokus er på kva barnet meistrar og har interesse for.

Barn med særskilde behov har eigen plan i tillegg til det som er nemnt over.

I løpet av oktober blir dei 'gamle' revane invitert på besøk i barnehagen. Dei får invitasjon til skulen, og foreldra avgjer om dei kan vere med den ettermiddagen. Det er stas å komme attende til barnehagen som skulebarn, og det er stas for dei som er i barnehagen å få besøk av vener som no er skuleelevar.



Frå Lysekloster barnehage - Dei fem fargeturane

Førskulebarna i Lysekloster barnehage har siste året i barnehagen eit eige opplegg der leik, aktivitetar og læring går føre seg i skogen i nærområdet til barnehagen. Om lag ein gong i veka er barna i «leiren» som vi kallar det. Innbefatta i dette opplegget er dei «Fem fargeturane». Det er fem turar i Lysefjorden, der turane blir lengre og meir krevjande etter kvart. Den første er gul tur. Det er den lettaste og går til Åsen. Tur nr. 2 er raud, og går rundt Storåsen. Så kjem grøn tur til Gjelafuruua som nr. 3, Mikkelsvatn som nr. 4 blå og endeleg den siste, nr. 5, som er svart tur. Den går til Lyshornet. Turkort, diplom og medaljar blir delt ut på avslutningsfesten i juni.

Målet med arbeidet i leiren og på turane er i første omgang relatert til fagområde Natur, miljø og teknikk. Rammeplan for barnehagen seier: Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.

Mål med fargeturane:

- Få kunnskap om dyr, trær og planter i nærområdet
- Oppøve god motorikk og pågangsmot
- Få robuste barn, som tek ansvar for seg sjølv og sekken sin på tur
- Bli kjent med turområde i Lysefjorden
- Oppleve meistring og glede ved å gå turane



BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Kapittel 3: Barnehageutvikling

Kommunale barnehagar

Tidleg innsats og førebygging er sentralt i alle tenestene innan området Oppvekst og kultur. Vi arbeider med dette i alle tenestene gjennom tverrfaglege samarbeid og satsingar. Prosjekt betre læringsresultat (BLR) er eit paraplyprosjekt innan barnehage og skule, og er eit felles tidleg innsats-prosjekt. (Sjå eige avsnitt om BLR.)

Gjennom året har det vore lagt til rette for jamlege treffpunkt med alle barnehagestyrarane med fokus på samhandling på tvers. Barnehagane gir gode tilbakemeldingar om føreseieleg og god samhandling med fagtenestene, til det beste for barnet.

DUÅ

DUÅ-programmet (De utrolige årene) for barnehagane gir auka kompetanse i arbeid med barnehagebarn, og har vore eit felles utgangspunkt for tidleg innsats på tvers av dei ulike fagtenestene og barnehagane gjennom fleire år.

Dei aller fleste barnehagane er ein del av satsinga, og blir fulgt opp i tråd med plan for DUÅ-arbeidet. Vi får særskilte tilbakemeldingar på DUÅ-satsinga, både som tiltak for kompetanseheving og tidleg innsats.

For å auke kompetansen til foreldra er det oppstart av DUÅ sitt universell-program hausten 2019. Dette er eit program som er retta mot foreldre til barn i alderen 2–6 år. Målet med programmet er å lære og trygge

foreldre om samspele som fremmar kognitiv, sosial og emosjonell utvikling, og som førebygger ulike former for psykiske helseplager. Det har vore særskilt stor interesse for programmet.

Overgang barnehage-skule

Arbeidet med å sikre gode overgangar for barn som går frå barnehage til barneskule har vore høgt prioritert det siste året. Ny plan for overgangar er under utarbeidning og skal bli ein del av det forsvarlege systemet for Bjørnafjorden kommune.

Barnehagar og skular har etablerte rutinar for overgang, men rutinane er i stadig utvikling og ny plan skal legge endå betre til rette for samanheng mellom barnehage og skule. Dette er i tråd med regjeringa sitt ønske om eit heilskapleg opplæringsløp, tidleg

innsats for livslang læring og gode rammer for vekst og tryggleik.

Endring i barnehagelova og opplæringslova slår fast ei gjensidig plikt for barnehage – og skuleeigarar om å samarbeide for å skape kontinuitet for barn i overgangen.

Språkløyper

For å sikre systematikk og forskningsbaserte tiltak gjennomførte vi barnehage- og skuleåret 2018/2019 kompetanseutviklingspakken «Overgang frå barnehage til skole» frå Språkløyper. Språkløyper er ein nasjonal strategi som skal styrke barn og elevar sitt språk, lesing og skriving i perioden 2016–2019. Lesesenteret (nasjonalt senter ved Universitetet i Stavanger) har ansvar for denne strategien.



Gjennomføringa har vore organisert i nettverk der alle barnehagane og skulane har deltatt. Barnehagane har meldt tilbake at dette har vore nyttige og viktige nettverk.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barn sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehageloven § 1. Barnehagen skal ivareta foreldre sin rett til medverknad, og arbeide i nært samarbeid og forståelse med foreldra, jf. barnehageloven § 1 og § 4. Samarbeid mellom heim og barnehage skal alltid ha barnet sitt beste som mål.

Foreldra og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barnet sin trivsel og utvikling. Barnehagane rapporterte i skriftleg tilsyn per april

om aktive Samarbeidsutval (SU).

I skriftleg tilsyn med barnehagane blir det vist til at saker som er løfta fram i SU inkluderer årsplanarbeid, pedagogisk arbeid, miljø- og trivselstiltak knytt til psykososiale tilhøve i barnehagen, gjennomgang av foreldreundersøking osv. Barnehagane viser også til foreldremøte, foreldresamtalar og ulike informasjonskanalar som bidrag til informasjonsflyt og dialog mellom barnehagen og foreldra.

Satsinga «ungdomsskulegutar som leikeressurs» er vidareført, og 39 leikeressursar har fått tilbod om jobb dette barnehageåret. Totalt 171 gutter har vore engasjert i perioden 2015–2019. Gjennom prosjektet håpar vi å bidra til at fleire gutter vel barnehage som arbeidsplass i framtida.

Viktige hendingar og satsingar som bidreg til barnehageutvikling

- Faste treffpunkt med barnhagane og barnehagemynde
- Alle barnehagane deltek i Utdanningsdirektoratet si nasjonale foreldreundersøking
- DUÅ (De utrolige årene) blir implementert i barnehagane og utvida med universalprogram for foreldre
- Plan for overgang fra barnehage til skule
- Formalisering av samhandling med fagtenestene
- Pedagog- og bemanningsnorm for barnehagar
- Rett til 20 timer gratis oppholdstid i barnehage per veke. Gratis kjernetid for 2-, 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsatt skolestart, som bur i husstandar med lav inntekt
- Ungdomsskulegutar som leikeressurs i barnehagane



Nøtteliten barnehage – om bruk av ståstedsanalyse

Utdanningsdirektoratet har utarbeidet tilgjengelig verktøy for internt utviklingsarbeid. Ståstedsanalsysen er et godt hjelpemiddel for å kartlegge barnehagens behov for videreutvikling. Utviklingsarbeid bør være en kontinuerlig prosess noe som blir ivaretatt gjennom ståstedsanalsysen når arbeidet er satt i system og inngår i barnehagens årshjul.

Vi har erfart hvilken unik kraft det er i vårt samarbeid mellom foreldre/foresatte, personale og eierstyret. Vårt felles engasjement har vi valgt å bruke i spørreundersøkelsene som inngår som de tilgjengelige verktøyene for utviklingsarbeid. Tema i undersøkelsene er direkte knyttet opp mot barnehagens Rammeplan. Ved å gjennomføre brukerundersøkelse for foreldre/foresatte og ståstedsanalyse for personalet får vi verdifulle data, et unikt informasjonsgrunnlag å ta utgangspunkt i for å kartlegge videre behov for vårt helhetlige kvalitetsarbeid i barnehagen.

I ståstedsanalsysen sammenstilles fakta om barnehagen, brukerundersøkelsen og eventuelle barnesamtaler. Etterarbeidet med ståstedsanalsysen bidrar til en god felles faglig forankring gjennom gode refleksjonsprosesser og felles diskusjoner blant alle de ansatte. Vi er opptatt av at justeringer av vår praksis kommer som et resultat av et godt utviklingsarbeid der alle de involverte har fått delta i prosessen.

Vi har sett samsvar i resultatet fra de parallelt gjennomførte undersøkelsene. I tillegg til personalets arbeid på planleggingsdager har felles foreldremøte vist seg som en nyttig arena å jobbe med vårt utvalgte fokusområde. Fellesmøte for foreldre og personale med forelesning, diskusjoner og idemyldring har dannet grunnlag for videre fremdriftsplan med mindre og større tiltak og kortsiktige og langsiktige mål. Vi sikrer gode prosesser der alle involverte parter har mulighet for deltagelse. Viktigst av alt har vi erfart at prosessene fører frem til mål som gir positiv innvirkning på barnas hverdag.

Ingvild Vevle Chyba, styrer i Nøtteliten barnehage

Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn



BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Kapittel 4: Barnehagemynde

Kommunen si rolle som lokalt barnehagemynde er definert i barnehageloven § 2, 1. ledd: «Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.» Bestemmelsen vidarefører og presiserer kommunen sitt overordna ansvar for å sikre at alle barn får eit godt og forsvarleg barnehagetilbod, uavhengig av kva barnehage ein har plass i. Kommunen skal ved godkjenning av barnehagar og aktiv rettleiing og tilsyn sjå til at barnehagane i kommunen blir drivne i tråd med dei krav som er sett i barnehageloven med tilhøyrande forskrifter.

Barnehagane sitt gode oppmøte og høge deltaking på treffpunkt initiert av Oppvekst og kultur er ein klar styrke som bidreg til kvalitet og kontinuerleg utvikling på området.

Barnehagestrukturen i Os kommune 2019


Tal frå BASIL (Utdanningsdirektoratet si årlege innrapportering for barnehagar) syner at det per 15.12.2018 var 1370 barnehageplassar i bruk i kommunen.

I Os kommune er det totalt 17 barnehagar fordelt på 13 eigarar:

- 14 private barnehagar med ordinær barnehagedrift som tilbyr 85% av barnehageplassane
- 1 privat open barnehage, gratis tilbod 1 dag i veka
- Hegglandsalen barnehage har i tillegg til ordinær drift godkjenning for 2 heiltidsplassar som fungerer som open barnehage. Dette tilbodet er gratis
- 2 kommunale barnehagar

Faste treffpunkt på barnehageområdet gjennom året:

- Felles oppstart for tilsette i oppvekstområdet i august kvart år
- Forvaltningsmøte for barnehagestyrarane fire gonger i året
- Nettverk for pedagogiske leiarar to gonger per halvår er siste barnehageår erstatta av seks møtepunkt til satsinga overgang barnehage – skule. Pedagogsamlingar er sakna, og vil bli gjenopprettet ved overgang til Bjørnfjorden kommune
- Nettverk knytt til prosjektarbeid på området (Overgang barnehage – skule, DUÅ (De utrolige årene), ungdomsskulegutar som leikeressurs og tilvenning i vatn)
- Oppvekstforum for leiarar på oppvekstområdet fire gonger i året
- Felles strategisamling for leiarar på oppvekstområdet kvar vår
- Sommarlunsj for styrarar, rektorar og Oppvekst og kultur i juni
- Møtepunkt med Fylkesmannen i Hordaland for tilsette i barnehageadministrasjonen på kommunenivå



Samordna opptaksprosess i kommunen

Barnehageloven slår fast at alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for ein samordna opptaksprosess, og det skal takast hensyn til barnehagane sitt mangfold og eigenart. Brukarane sine ønske og behov skal vektleggast ved sjølve opptaket.


Alle barn med rett til plass er tilbode barnehageplass i samordna opptak 2019, eit mål vi har nådd sidan retten til barnehageplass blei innført i 2009. Samordna opptak 2019 viser ein samla overkapasitet på barnehageplassar som sikrar handlingsrom for ein periode med vekst i folketal. Barnehagane justerer eventuell ledig kapasitet ved supplerande opptak gjennom året.

Våren 2019 var det i bruk 48,39 fleire barnehageplassar enn våren 2018. Tal barn i barnehagen vil gå ned hausten 2019, då 317 barn startar på skulen. 292 av desse har overgang til skule frå barnehagar i Os kommune.

Framtidige behov for nye barnehageplassar vil bli kartlagt i ein barnehageplan etter kommunesamanslåinga, når nye Bjørnafjorden kommune er etablert. Kommunen pliktar å sikre eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar tilpassa krav i barnehageloven, utbyggingsmønster og innbyggjarane sine behov.

Per i dag har vi god kapasitet i barnehagane i Os.

Fordeling av barnehageplassar pr. 15.12.18.



Tilrettelagt barnehagetilbod

Barnehagemynde skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod etter barnehageloven § 19g. Gjennom dei siste åra har Os kommune arbeidd med å få på plass gode rutinar og system på dette området.

Både barnehageeigar og kommunen har eit ansvar for å tilrettelegge barnehagetilboden for desse barna. Barnehageeigar har eit sjølvstendig ansvar for at også barn med nedsett funksjonsevne får eit barnehagetilbod som er i tråd med lova. Ansvaret til barnehageeigar er avgrensa til kva barnehagen kan legge til rette for innanfor det ordinære barnehagetilboden. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging etter barnehageloven § 19g.

Barn med nedsett funksjonsevne er ei samansett gruppe, og om barnet har nedsett funksjonsevne blir vurdert konkret i kvart enkelt tilfelle.

Vi har dette året vidareutvikla samhandling med Helse og omsorg for å sikre gode og koordinerte tenester til barn med langvarige eller livslange behov. Dette arbeidet vil fortsette.

Pedagog- og bemanningsnorm i barnehagane og søknad om dispensasjon

Nye nasjonale normtal for bemanning- og pedagognorm har som mål å sikre fleire vaksne på avdelingar og basar, og vil styrke tidleg innsats og sikre gode oppvekstmiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Ny pedagog- og bemanningsnorm var gjeldande frå 01.08.18. Det ligg innanfor barnehageeigar sin styringsrett å bestemme korleis barnehagen sine personalressursar er organisert, men barnehageeigar har plikt til å drive verksemda i samsvar med gjeldande lov og regelverk:
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/Statistikknotat-bemanningsnorm-barnehage/>

Kontroll av bemanning og tal barn syner at barnehagane i Os er innanfor krav i lov og forskrift.

Os kommune ved barnehagemynde har bistått barnehagane med å sikre tilstrekkeleg og kvalifisert bemanning i overgangsåret 2018/2019 ved å handsame søknadar om dispensasjon fortløpande.

Elektronisk søknadsskjema er laga og etablert

<https://oskommune.no/sd/skjema/OS184/>

Tal årsverk styrarar og pedagogiske leiarar med dispensasjon i barnehagane var i BASIL (årleg rapportering per 15.12) rapportert med 3,5 % mot 0,1 % i 2017. Denne auken var forventa med utgangspunkt i endringar i pedagog- og bemanningsnorm. Gjennom dialog med barnehagane og skriftleg tilsynssynsskjema har vi fått infomasjon om korleis barnehagane til ei kvar tid tilpassar tal barn, bemanning og tilgjengeleg areal for å sikre forsvarleg barnehagedrift.

Nasjonale moderasjonsordningar og foreldrebetaling

Det er kommunen som barnehagemynde som har ansvar for moderasjonsordningar og foreldrebetaling som gjeld for både kommunale og private barnehagar. Foreldrebetalinga begrensa av maksimalprisen som frå 1. august 2019 er 3040 kroner per månad.

Moderasjonsordningane er regulert i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar og mål med nyare forskriftsendringar er å innføre ein bedre sosial profil på foreldrebetalinga i barnehage, og legge til rette for at fleire får mulighet til å nytte tilbod om barnehageplass gjennom å senke prisen for familiær med lav inntekt.

Forskrift om foreldrebetaling:
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-12-16-1478>

Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga skal sikre at ingen husstandar betalar mer enn seks



prosent av inntekta si for ein barnehageplass, og at familieøkonomi ikkje skal vere til hinder for at barn kan gå i barnehage. Både barnehagane og helsestasjonen informerer føresette om ordninga, og det er etablert gode rutiner med NAV knytt til behandling av søknad om redusert foreldrebetailing. Barnehagefaktura blir redusert av barnehagane, og Os kommune refunderer redusert foreldrebetaling til barnehagane.

Ein stadig auke i tal søknader vitnar om at informasjon om ordninga er gjort kjent for innbyggjarane. Tal henta frå BASIL, årleg nasjon innrapportering for barnehagar, syner følgande utvikling i reduksjon i foreldrebetalinga grunna låg inntekt dei tre siste åra:

2016	Kr 361 000
2017	Kr 546 026
2018	Kr 897 257

Frå 1. august 2019 har alle 2-, 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i husstandar med lav inntekt, rett til å få 20 timer gratis oppholdstid i barnehage per veke. Inntektsgrensa er sett til 548 500

kroner, og gjeld uavhengig av om du har deltids- eller heiltidsplass. Dette betyr at eit barn med deltidsplass med rett på fritak, har krav på fritak på 20 timer uavhengig av størrelsen på plassen. Om nokon vel å berre å bruke dei 20 timane, er tilbodet gratis.

Dersom du har meir enn eitt barn i barnehage i same kommune, skal kommunen sørge for at du får reduksjon i foreldrebetalinga. Det blir kalla søskemonderasjons. Du skal få søskemonderasjons uavhengig av om barna går i forskjellige barnehagar, og i barnehagar med forskjellige eigalar. Barnehagefaktura blir redusert av barnehagane, og kommunen refunderer søskemonderasjons til barnehagane. Reduksjonen for det andre barnet er minimum 30 prosent, og for det tredje barnet og oppover er det 50 prosent reduksjon.

<https://oskommune.no/skule-og-barnehage/barnehage/pris-og-betaling/>

Rettleiing, godkjenning og tilsyn med barnehagar

Kommunen si rolle som lokalt barnehagemynde er definert i barnehageloven § 2, 1. ledd: «Kommunen er lokal barnehagemyndighet.

Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.» Bestemmelsen vidarefører og presiserer kommunen sitt overordna ansvar for å sikre at alle barn får eit godt og forsvarleg barnehagetilbod uavhengig av kva barnehage ein har plass i.

Kommunen skal ved godkjenning av barnehagar og aktiv rettleiing og tilsyn sjå til at barnehagane i kommunen blir drivne i tråd med dei krav som er sett i barnehageloven med tilhøyrande forskrifter.

Kommunen som barnehagemyndighet har ansvar og oppgaver knytt til risikovurderingar, rettleiing, tilsyn og godkjenning av barnehagar og familiebarnehagar. Rettleiar om kommunen si rolle som barnehagemynde belyser minstekrava som følger av barnehageloven og forvaltningslova.

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/barnehagemyndigheten/veileder-om-barnehagemyndighets-virkemiddelbruk/>

Faste og kontinuerlege oppgåver for barnehagemynde i Os kommune, jf. Lov om barnehagar

- Følge opp lov og tilhøyrande regelverk
- Sikre føreseielege og likeverdige rammer for barnehagedrift
- Gjennomføre eit felles samordna opptak per år
- Sikre tilbod om barnehageplass til barn med rett til plass i Os kommune
- Tilpassa tal barnehageplassar i tråd med folkevekst og behov for barnehageplassar
- Månadleg kontantstøtterapportering til NAV om barnehageplassar som er i bruk
- Gjennom rettleiing og tilsyn sikre barnehagetilbod med høg og opplevd kvalitet for alle barn
- Følge opp og legge til rette for kompetansehevingstiltak og vidareutdanning for barnehage tilsette saman med barnehageeigar
- Bidra i tverrfagleg og heilskapleg samarbeid på tvers av tenestene i kommunen



Kjerneoppgåver for kommunen som barnehagemynde

- Bistå barnehagane med kunnskap og informasjon som bidrar til eit opplevd godt psykososialt miljø der barn opplever livsmeistring og å høre til i eit inkluderande fellesskap
- Bistå barnehagane i arbeidet med å vere ei pedagogisk verksemد som medverkar til at alle barn får oppleve livsglede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap
- Bidra til at alle barn opplever like mogeligheter for leik, livsutfaldning, meiningsfylte opplevelingar og aktivitetar uavhengig av barnehage
- Bidra til at Os kommune tilbyr eit likeverdig pedagogisk tilbod som støttar opp om barn si generelle utvikling i alle barnehagane
- Bistå barnehagane i arbeidet med å legge til rette for foreldresamarbeid og foreldrestøtte

Mål om å gjennomføre 6–8 stadlege tilsyn med barnehagane er nedpriorert i 2019 grunna kapasitetsutfordringar som følge av kommunesamanslåinga. Barnehagane er følgt opp gjennom skriftleg dokumenttilsyn og deltaking på helsevernetaten sine tilsyn.

Avtalte treffpunkt og møte med barnehagane blir gjennomført som planlagt. Eventuelle ikkje-varsla tilsyn blir gjennomført dersom kommunen får meldingar eller klager om urovekande tilhøve i barnehagane. Barnehagefagleg kompetanse frå kommunane i Midthordland kompetanseregion bistår kvarandre og er nøytral part ved gjennomføring av tilsyn.

Oversikt over gjennomførte tilsyn og rapport etter tilsyn finn du her:
<https://oskommune.no/skule-og-barnehage/barnehage/tilsyn-med-barnehagar/>

17 av 17 barnehagar har helsevern-godkjenning. Kommunen som barnehagemynde deltek på helsevernetaten sine tilsyn med barnehagar. Kommuneoverlegen fattar vedtak.

Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn



Å høyra til

Born og unge med kunnskap om fortid, notid - og tru på framtida - opplever at dei høyrer til.



Les meir på: www.oskommune.no

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatningar barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Hørselstest i barnehagen

Det var begeistring hos oss i Varhaug barnehage da vi høsten 2018 fikk et skriv fra helsestasjonen om endringer i rutiner for hørselstest av femåringar. Barna som tidligere ble innkalt til femårskontroll på helsestasjonen, skulle nå gjennomføre hørselstesten i barnehagen. De skulle få skolestartundersøkelse med helsesøster og lege i 1. klasse på skolen.

Vi hadde fått vår egen helsesøster, og hun ville komme til barnehagen og gjennomføre testen. Helsestasjonen skulle sende informasjon til foreldrene om plan for gjennomføring og resultat for det enkelte barn etterpå. Personalet i Varhaug barnehage hadde tidligere vært på studietur til Trondheim, og der besøkte vi blant annet en barnehage som holdt til i samme lokaler som helsestasjonen. Det syntes vi var et godt eksempel på organisering som tilrettelegger for samarbeid. For familiene var det både trygt og praktisk, og det ble lett for barnehagen og helsestasjonen å samarbeide. Med barnehagen som arena for hørselstest ville vi oppnå et samarbeid på systemnivå, og det ville være fin start på en samarbeidsavtale med helsestasjonen.

Vår helsesøster tok kontakt med oss i oktober 2018 og vi avtalte hvordan vi praktisk skulle gjennomføre testen i januar 2019. Hun kom til oss to dager før testen skulle tas, for å forberede barn og ansatte. Personalet hadde på forhånd tenkt at testen kunne foregå på pauserommet. Det er et rom barna er trygge på, siden vi har både barnesamtaler og lesestunder der.

Rommet er avskjermet og fredelig med nødvendig ro for å kunne gjennomføre testen. Helsesøster viste hvordan testapparatet virker og forklarte

veldig nøyne hva som skulle skje.

Før helsesøster kom for å snakke med barna, var noen forventningsfulle og noen var engstelige. Etter at de hadde fått hørt og sett hvordan og hvor testen skulle foregå, så ville alle delta. En av de ansatte hadde ansvaret for å følge dem inn og være til stede under testen. En annen pedagog hadde ansvaret for å støtte og oppmuntre dem som ventet.

Den dagen testen skulle gjennomføres var barna og personalet godt forberedt. Barna hadde fått brev hjem, så de var også forberedt av foreldrene. Barn og ansatte var de blitt enige om rekkefølgen, så barna visste når det var deres tur. Ett og ett barn ble fulgt av den samme voksne inn til testen og hun trygget, hjalp og heiet på dem. Dinosaurgruppen (5-års gruppen vår) er en sammensveiset gjeng som sammen med de ansatte skapte et støttende og trygt klima. Alt foregikk rolig og fint. Alle barna gjennomførte testen og var stolte og fornøyde.

Helsestasjonen har laget en svært bra plan for forberedelse og gjennomføring av hørselstest i barnehagen. Sammen med engasjerte ansatte i barnehagen som samarbeider og legger til rette, er dette blitt et godt samarbeidsfelt til beste for barn og familier i kommunen. Vi gleder oss til neste test.

Tone Fjeldstad, daglig leder i Varhaug barnehage

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

Del 2: Skule



BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Kapittel I: Innleiing

Viktige hendingar

2018

- Fagdagar, samlingar, nettverk, foreldremøter m.m.
Tema: Eit godt læringsmiljø og livsmeistring.
- «Skulebasert kompetanseutviklings-nettverk» (SKU) på tvers av skulane.
- Felles samling med deling/refleksjon av resultat etter nasjonale prøver og elevundersøkinga
- Konferanse skulefråvær – reetablere SIM-team («Sjåast i morgen») i kommunen
- BL-Chromebook for nye elevar på 8.trinn – hausten 2018 har alle ungdomsskuleelevar i Os kommune eigen Chromebook
- Ny lærarnorm – ni nye stillingar fordelt mellom fem barneskular og ein ungdomsskule
- Nettverk barnehage og skule om gode overgangar, starta hausten 2018
- Gjennomført dialogkafé med samarbeidsutvala (SU) i skule og barnehage

2019

- Gjennomførte fagdagar, samlingar, nettverk, foreldremøte m.m.
Tema: Eit godt læringsmiljø og nærvær/fråvær
- Samling med regionen for alle leiarane med tema «fagfornyinga»
- Felles samling med deling/refleksjon av resultat etter nasjonale prøver og elevundersøkinga
- 11 skular + meistringsteamet sökte og fekk tildelt midlar til kreativ lærung
– 1 million gitt av kommunestyret i budsjett 2019
- Alle barnehagar og barneskular var med på Lesesenteret si pakke i «Språkløyper med overgang barnehage-skule»
- Midlar til elevar som treng ekstra tilrettelegging frå barnehage inn i skulen, «god start»-ressurs til dei aktuelle skulane
- Ny kommunepsykolog og nye medarbeidarar i Meistringsteamet
- Dialogkafé med samarbeidsutvala (SU) i skule og barnehage

Indikator og nøkkeltal	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Tal på elevar	2 540	2 665	2 774	2 794	2898	2974
Årsverk for undervisningspersonale	200,8	202,8	208,3	209,4	219,4	243,4
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	99,2	100,0	99,5	99,8	99,7	99,4

Os kommune skuleeigar, grunnskule, antall elevar og lærarårsverk, offentleg, alle trinn, begge kjønn



Indikator og nøkkeltal	Os kommune skuleeigar	Kommunegruppe 08	Hordaland fylke	Nasjonalt
Driftsutgifter per elev	102 639	112 811	117 571	116 183
Lønsutgifter per elev	82 119	91 973	93 054	91 406
Prosentandel lønsutgifter av totale utgifter	83,1	85,7	82,0	82,0
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	929	843	1027	1134
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1560	1504	1503	1486

Os kommune skuleeigar, Grunnskule, Økonomi, Offentleg, 2017-2017, Alle trinn, Begge kjønn

Tal elevar

Tal frå elevindikatoren opplyser om det som er registrert ved grunnskular per 1. oktober 2018. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Årsverk for undervisningspersonaleindikatoren viser sum årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn under-

visning. Det er gledeleg at vi har ein auke på 25 årsverk frå skuleåret 2017-2018 til 2018-2019. Dette har både med ei styrking i høve lærarnorm, men også ein auke av barn med spesielle behov. Os kommune bruker framleis mindre pengar pr. elev enn kommunegruppa vår, Hordaland fylke og nasjonalt.

Auke i elevtalet

Vi aukar med 76 elevar, litt færre enn førre skuleår då talet var 104. Dette har medført at klassane har blitt fylt opp. Mange skular har no trinn som er nærest fulle og nye klassar må oppretta. Lærarstillingane heng i stor grad saman med klassetalet. På enkelte skular og trinn kan dette føre til kapasi-

tetsutfordringar framover. Frå hausten har vi 11 klassar på det nye 8.trinnet mot 10 klassar som har vore vanleg. Dei neste åra vil det bli 11 klassar på dei nye 8.-trinna, medan på lengre sikt er prognosane litt usikre. Dette er noko styringsgruppa for den nye ungdomsskulen vil ta med i sine vurderingar for planlegginga av ny ungdomsskule.

Tidleg innsats

Som ledd i tidleg innsats er det både lokalt og nasjonalt spesiell merksemd på korleis skulane organiserer undervisning og ressursbruk inn mot småskuletrinnet (1.–4.trinn). Tidleg innsats gjennom auka lærartettleik, ressurslærar og tilpassa opplæring er sentrale

tema i møte med skuleleiingane.

Lærartettleik og lærarnorm

Lærarnormen blei innført skuleåret 2018–2019 og blir litt endra skuleåret 2019–2020. Frå hausten 2019 skal talet vere 15 elevar per lærar i 1.–4. klasse og 20 elevar i 5.–10.klasse. Det er viktig å presisere at dette er det samla elevtal på dei ulike trinna. Døme: 1.–4.trinn delt på lærarar som jobbar på 1.–4. trinn. I praksis kan ein då ha ein klasse med fleire elevar enn 16 på dette trinnet av di ein og har klassar/grupper som er færre enn 16.



Kapittel 2: Resultat

Målsetting

Elevane i Os kommune skal utvikle dei grunnleggande ferdigheitene. Desse er føresetnadar for læring og utvikling i skule, arbeidsliv og samfunn og har påverknad for utviklinga av identitet og sosiale relasjonar. Vi ønskjer at resultata frå nasjonale prøver er på likt nivå eller betre, samanlikna med nasjonalt snitt.

Hovudtrendar for resultat i Os kommune 2018/2019

- Resultat på 5. trinn visar framgang i engelsk, lesing og rekning for Os kommune
- Gutane gjer det betre enn jentene. Dette er nasjonal trend.
- Det er forskjell mellom skulane på barnetrinnet. Nokre skular har ein jamn framgang. Ein skule skårar i å eksepsjonelt bra.
- På 8. trinn har vi ein nedgang.
- På 9. trinn har vi gode resultat og framgang
- Vi held fram med felles rutine og møtepunkt for analyse og oppfølging av resultat i skuleleiingsmøta og på den enkelte skule.

Detaljar om Nasjonale prøver er offentleggorte på skoleporten.udir.no

Nasjonale prøver er eit eksternt kvalitetsutviklingsverktøy der skuleeigar kan sjå eigne skular opp mot andre skular nasjonalt og regionalt/lokalt. Det er òg eit verktøy som skal nyttast til refleksjon og forbetningsarbeid på kvar enkelt skule.



Kort om nasjonale prøver

Nasjonale prøver skal gi informasjon om i kor stor grad elevane sine grunnleggande ferdigheter er i samsvar med måla i læreplanen. I løpet av hausthalvåret blir det gjennomført prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn, og i lesing og rekning på 9. trinn.

Resultata på 5. trinn er delt inn i tre meistringsnivå, der nivå 1 er det lågaste og 3 er det høgaste. På ungdomstrinnet er resultata delt inn i fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgaste nivå.

Å beherska grunnleggande ferdigheter er nødvendig for læring og utvikling i skulen, og deltaking i seinare samfunnsliv. Dei grunnleggande ferdighetene, slik dei er definerte i Kunnskapsløftet, er å kunne uttrykke seg skriftleg, å kunne lese, å kunne uttrykke seg munnleg, å kunne rekne og å kunne bruke digitale verktøy. Grunnleggande ferdigheter er integrert i læreplanane for fag. Kartlegginga av elevane sine læringsresultat skal, saman med anna vurdering, danne grunnlaget for å setje i verk forbetingstiltak både retta mot den enkelte elev og på skule- og kommunenivå. Resultata er i hovudsak offentlege, og er publisert på www.skoleporten.no.

Oppfølging av resultata

Resultata på dei nasjonale prøvene blir følgd opp

med analyse, drøfting og tiltak som skal auke kvaliteten på opplæringa slik at fleire elevar utviklar seg vidare og opplever meistring. Resultata frå nasjonale prøver må alltid sjåast i samanheng med annan informasjon, kartlegging, vurdering og resultat. Os kommune har ein rutine for gjennomføring, analyse og oppfølging av resultat av nasjonale prøver. Dette er tema på den enkelte skule, i felles skuleleiingsmøte og i ansvarsdialog mellom skuleeigar og den enkelte skule. Resultat frå nasjonale prøver blir presentert i Tenesteutvalet årleg.

Lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg elevane sine grunnleggande ferdigheter i lesing. Dette i samsvar med mål slik dei er integrerte i Læreplanen frå 2006. Utdanningsdirektoratet definerer lesekompetanse som at elevene kan forstå, bruke, reflektere over og engasjere seg i skrivne tekstar for å kunne nå måla sine, utvikle kunnskapen sin og evnene sine, og delta i samfunnet.

Rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheter er i samsvar med mål for den grunnleggande ferdigheita rekning. Dei nasjonale prøvene i rekning dekker tre innhaldsområde: Tal, måling og statistikk. Prøvene i rekning på 5. trinn tek utgangspunkt i korleis elevane nyttar

rekning i ulike faglege og daglegdagse sammenhengar. Dette betyr at elevane forstår korleis dei kan løye ei gitt utfordring, kan løye problemet ved hjelp av rekneoperasjonar, kan vurdere om svara er rimelege og kan ha effektive strategiar for enkel rekning med tal. Prøvene i rekning på ungdomstrinnet tar utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i faglege og daglegdagse sammenhengar. Dette betyr at dei forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løye ei gitt utfordring, kan løye problemet ved hjelp av rekneoperasjonar, kan vurdere om svara dei får er rimelege og kan vise effektive strategiar for enkel rekning med tal.

Engelsk

Nasjonale prøver i engelsk skal kartlegge i kva grad elevane sine leseferdigheiter i engelsk er i samsvar med kompetanseomål knytt til leseforståing, vokabular og grammatikk. Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggande ferdighetene som er integrert i kompetanseomål i læreplanane i alle fag i Læreplanen av 2006. Prøvene tek utgangspunkt i kompetanseomål i eitt fag – engelsk.

Oversikt fritak

Os kommune har eit lavt tal elevar med fritak på Nasjonale prøver. Vi har fleire som deltek i år enn i fjor. Fritaksprosentane ligg godt under nasjonalt nivå.






Nasjonale prøver blir gjennomført i løpet av 90 minutt. Dette er ei lang økt. For at alle elevane skal halde konsentrasjonen best mogeleg, er det lagt inn ein kort pause der alle får servert frukt.

Resultat frå nasjonale prøver 5. trinn Os kommune 2015-2019




Tabellen viser resultata for 5. trinn i heile kommunen dei siste fem skuleåra. Figuren viser at vi har redusert talet elevar på det lavaste meistringsnivået. Vi ser ei generell positiv utvikling gjennom desse åra.




Engelsk 5. trinn

På engelsk 5. trinn ser vi ei klar forbetring. Vi har hatt ei positiv utvikling i dette faget over fleire år. Vi nærmar oss gjennomsnitt og nasjonalt nivå. Skulane har hatt engelskfaget på småskuletrinnet i fokus dei siste åra. Nye læremiddel og nye læreverk har bidratt til å løfte faget. I tillegg har fleire lærarar tatt vidareutdanning i engelsk.

Lesing 5. trinn

Resultatet er det beste sidan 15/16. Vi har færre svake lesarar og fleire sterke lesarar. Vi har forskjellar mellom skulane. Det blir sett av tid til å jobbe med «Lesing som grunnleggande ferdighet» på skulane, og vi har eit felles fokus på området.

Rekning 5. trinn Os kommune 2015-2019



Resultatet er det beste vi har hatt. Verdien 15, i den svakaste gruppa, er markant betre enn alle åra før. Vi har også ei stor gruppe på meistringsnivå 3. Dette er også mykje betre enn åra før.


Gutane gjer det betre enn jentene i rekning. Dette kan ha ein samanheng med at skulane tilnærmar seg rekning på ein annan måte enn tidlegare. Nokre skular melder tilbake at undervisninga er meir variert og praktisk, og at ein del foregår utanfor klasserommet, der elevane til dømes får bruke seg sjølv og naturen rundt til ulike reknearbeid. Kan hende er dette arbeidsformer som appellerer meir til gutane enn til jentene? Samtidig har vi sett gjennom mange år at rekning ofte er eit fag som gutane liker og har interesse for.

Nokre skular melder også tilbake at val av læreverket er med på å bidra til den positive utviklinga. Fleier av skulane har valt rekneverk som har større fokus på forståing for rekneprosessane, meir enn på sjølve oppgåvene. I tillegg til dette vil vi trekke fram korleis rekning og matematikkfaget i Os har vore i fokus i fleire år. Lærarar har vore på kurs og vi har hatt meir merksemd om fagområdet. Ein stor skule gjer det spesielt bra dette året.

Vel 90% av oppgåvene er tekstoppgåver. Vi trur at resultat i rekning også handlar om betre leseforståing og større merksemd på problemløysing. Elevane jobbar mykje, i alle fag, med leseforståing, og lærar m.a. å hente ut og vurdere essensielt stoff frå ein tekst. Dette er oppgåver som ofte blir gitt på nasjonale prøver. Vi har ein del lærarar som tek vidareutdanning i basisfaga.




Resultat frå nasjonale prøver 8. trinn Os kommune 2015-2019



Vi ser at vi har eit svakare resultat både i lesing, rekning og i engelsk samanlikna med tidlegare år. Går vi tilbake til 5. klasse-prøva kan vi sjå resultatet frå denne gruppa også på 5. trinn i 2015/16. Gruppa hadde også då eit relativt svakt resultat. Vi kan seie at vi har same trend som i 2015/16. Utover dette kan vi ikke samanlikne resultata frå 5. til 8. trinn.


Lesing 8. trinn



Meistringsnivå 1 og 2 er rimeleg jamt med tidlegare år. Vi har markant færre elevar på meistringsnivå 5. Gutane gjer det noko betre enn jentene.




Engelsk 8. trinn



Vi ser eit resultat som er ganske jamt samanlikna med tidlegare år. Langt fleire gutter enn jenter ligg på meistringsnivå 4 og 5. Vi kan lure på om gutane si interesse for dataspel påverkar resultatet. I spelverda er dei nøydde til å orientere seg på engelsk. Her veit vi at gutter og jenter har ulike interesser. Sjølv om gutane i Os gjer det betre enn jentene, ligg gutane likevel noko lågare enn det nasjonale snittet.


Rekning 8. trinn



Vi har fleire elevar på meistringsnivå 1 når vi samanliknar med tidlegare år. Samtidig har vi også færre elevar på meistringsnivå 4 og 5. Dette er vi ikke nøgd med.




Resultat frå nasjonale prøver 9. trinn Os kommune 2015-2019



På 9. trinn gjer vi det markant betre enn året før. Spesielt gledeleg er det å sjå den positive utviklinga i rekning.


Lesing 9. trinn



Vi har fleire elevar på dei to høgaste meistringsnivåa samanlikna med i fjor, samtidig er det færre elevar på nivå 1. Dette er positivt. Samanliknar vi denne gruppa med året før, har dei hatt ein klar framgang. Slik sett har året på ungdomsskulen hatt positiv påverknad på leseresultata. Mange av klassane på ungdomstrinnet set av tid til lesing kvar dag. Dette kan bidra til forbetring.



Rekning 9. trinn



I rekning 9. trinn har vi eit rimeleg godt resultat. Vi er spesielt nøgde med verdien 3,8 på meistringsnivå 1. Vi har òg nesten halvparten av elevane på meistringsnivå 5 og 6. Det er likevel ikkje store endringar frå åra før.




Grunnskulepoeng


Grunnskulepoeng er ein samla poengsum berekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og dannar grunnlag for opptak til vidaregåande skule.

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	40,4	41,4	42,2	42,3	40,3

Os kommune, grunnskule, grunnskulepoeng, alle eigarformer, trinn 10, begge kjønn



Elevkullet på 10. trinn i 2018-19 har i snitt 40,3 grunnskulepoeng. Dette er ein betydeleg nedgang samanlikna med dei to siste åra. Dette var ein venta nedgang i høve til andre tidlegare resultat for dette kullet. Elevgruppa har prestert lågt gjennom heile ungdomstrinnet. Os ungdomsskule har vore mest bekymra, og det er her vi ser det svakaste resultatet. Vi ser for oss at årets resultat er eit unnatak, og at utviklinga vidare vil sjå meir positiv ut.



Oppsummering

Nasjonale prøver

Vi har rimeleg gode resultat samla i kommunen. Vi ser at vi har for store forskjellar mellom skulane. På 8. trinn har vi eit svakare resultat enn ønska

Grunnkulepoeng

Vi har ein nedgang i resultatet denne våren. Vi ser at dei to ungdomsskulane har relativt ulikt resultat

Suksessfaktorar

- Felles satsingsområde i alle skulane våre: Lesing og skriving som grunnleggande ferdighet, og sterkt fokus på eit godt læringsmiljø
- Årleg felles oppfølging av resultatata med analyse og refleksjon
- Utviklingsarbeid. Skulebasert kompetanseutvikling
- Forsterkingslærarressursen: Barneskulane har fått tilført pedagogressurs til arbeidet med tidleg innsats i lesing og rekning på 1.–4. trinn
- Intensiv opplæring
- Mange lærarar tek vidareutdanning

Utfordringar

- Redusere antal elevar på meistringsnivå 1
- Stort sprik mellom skulane sine resultat
- Særleg merksemd mot læringsfremjande undervegsvurdering
- Få alle skulebiblioteka meir involverte og sentrale i satsingsområdet lesing og skriving

Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn



Les meir på: www.oskommune.no

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatningar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Kapittel 3: Læringsmiljø

Målsetting

Alle elevane i Os kommune skal ha eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring

Fakta

- Elevane sin rett til eit godt og trygt skolemiljø er heimla i Opplæringslova kap. 9a
- Alle skulane har planar som sikrar systematisk arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik til alle elevane
- Kap. 9a vil vere fokusområde på skuleleiararmøta for å sikre at skuleleiarane har kompetanse til å førebygge, møte og handtere mobbing på sin skule
- Alle skulane skal analysere og evaluere eigne resultat og dele dette med dei andre skulane i eit leiarmøte
- Skulane skal velje seg to område i elevundersøkinga som dei skal ha spesielt i fokus
- Begge ungdomsskulane er MOT-skular
- Elevundersøkinga blir gjennomført kvart år, og er obligatorisk på 7. og 10. trinn. Dei andre trinna fra 5. trinn kan gjennomføre elevundersøkinga eller bruke andre undersøkingar som t.d. «Spekter» og «Klassetrivsel»
- Resultata viser at elevane våre trivst på skulen, men at det er elevar som har opplevd krenking som mobbing, diskriminering eller trakkassering
- Elevane skal ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø
- Begge ungdomsskulane har eit eige psykisk helse-prosjekt kvar haust
- På alle skulane våre skal vi ha nærvær og fråvær i fokus. Dette blir tema på leiarmøte, nettverk og med personalet på den enkelte skule

Elevundersøkinga 2018/2019 Os kommune

Elevundersøkinga er obligatorisk for elevar på 7. og 10. trinn. Skulane har plukka ut to område som dei har spesielt fokus på. Skulane brukar òg andre verktøy for å undersøke meir frå elevundersøkinga, spesielt tema mobbing.

Forhold som har avgjerande betydning for kvaliteten på elevane sitt læringsmiljø:

- Læraren sin evne til å leie klassar og undervisning
- Positive relasjoner mellom lærarar og den enkelte elev
- Positive relasjoner og kultur for læring blant elevane
- Godt samarbeid og dialog mellom heim og skule
- God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

Os kommune vil vi at alle skular skal arbeide for eit reelt inkluderande skolemiljø der lærarar og leiing jamleg stiller kritiske spørsmål til haldningar og praksis, og gjer det dei kan for å motverke marginalisering – både sosialt og fagleg. Analyse av eigne resultat og refleksjon med personalet om kva for tiltak skulen vil setje i gang for å forbetre seg.

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE



1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring



Resultat frå elevundersøkinga 7. trinn 2015-2019




Resultat for 7. trinn visar at elevane våre jamt over har det bra på skulen. Vi skårar høgt på støtte frå lærarane og frå heimen.



Resultat frå elevundersøkinga 10. trinn 2015-2019




Vi ser at elevane på 10. trinn trivst, kjenner støtte frå lærarar og frå heimen. Denne gruppa er gjennomgåande meir kritiske til skulekvardagen, og har ein lågare skår jamt over. Verdiane for hovedemna «Elevdemokrati og medverknad», «Motivasjon» og «Vurdering for læring» ligg lågast.




Mobbing mellom elevar 7. og 10. trinn

2.5 Mobbing blandt elever



2.5 Mobbing blandt elever



«I følge elevene i ditt utvalg forekommer mobbing sjeldent, men det finnes en liten gruppe elever som sier at de er blitt mobbet på skolen de siste månedene. Resultatet er likevel nærmere grønt nivå enn rødt nivå.» (frå Conexus Insight)

Anne hadde ingen som vil vere venner med henne. Dette oppdaga læraren då ho gjennomførte eit sosiogram med klassen. Læraren lurte på korleis ho kunne hjelpe Anne til å få dei andre til å like henne og ville vere med henne. Ho diskuterte dette med dei andre vaksne på trinnet, og dei blei einige om at dei neste tre vekene skulle alle dei vaksne som jobba på trinnet ha eit spesielt positivt fokus på akkurat denne jenta. Dei skulle framheve det ho gjorde, slik at dei andre elevane fekk det med seg, både inne og ute i friminutta. Etter tre veker tok læraren eit nytt sosiogram, og no viste det seg at fem i klassen ville vere venner med Anne.

Trivsel og mobbing

Skulane våre arbeider kontinuerleg og systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø.

Skulane har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskrimining og trakassering, men erkjenner samstundes at krenking kan forekomme.

Skulane skal ha kompetanse på og rutinar for førebygging, avdekking og iverksetting av tiltak raskt når elevar opplever krenking. Krenkingar er eit samleomgrep for negative ord eller handlingar som barn og unge opplever som krenkande for sin verdigheit og integritet, eller som gjer at dei føler seg ekskludert frå eit fellesskap. Det omfattar alt frå enkeltståande ytringar eller handlingar, til gjentekne episodar. Det omfattar mobbing, vald, rasisme, trakassering og diskriminering.

Krenkingar kan vere direkte ord og handlingar, men også baksnakking,

utfrysing, ryktespreiing eller andre handlingar som gjer at barn og unge opplever at dei ikkje er trygge, føler ubehag eller ikkje kjenner seg inkluderte i fellesskapet.

Krenkingane kan også vere digitale. Digitale krenkingar kan både vere direkte og indirekte – synlege og/eller usynlege. Synlege, digitale krenkingar kan vere produksjon av og/eller spreiing av biletar, video eller tekst. Dei usynlege, digitale krenkingane kan handle om ikkje å få «likes» eller invitasjonar, eller å bli utestengd frå sosiale grupper på nettet.

Vi skårar høgt på trivsel og godt læringsmiljø i elevundersøkinga, her er vi på grøn og har ein skår på godt over fire. Dette betyr at dei fleste elevane som svarar på elevundersøkinga trivst og har det godt på skulen. I Os kommune vil vi at alle skular skal arbeide for eit reelt inkluderande skulemiljø der lærarar og leiing jamleg stiller kritiske spørsmål til haldningar og praksis, og gjer det dei kan for å

Ole blei plaga av av tre gutar på skulen. Nils liker eigentleg Ole godt, men synes det var vanskeleg å seie frå når han blei plaga. Han såg det som skjedde saman med fleire av dei andre i klassen. Ein dag spurte Ole om Nils ville komme heim til han om ettermiddagen og spille data og ete pizza, det ville Nils gjerne. På vegen heim går Nils saman med Per, Lise og Kari. Dei skal på kino same ettermiddag og spør om Nils vil vere med- Nils svarer at han skal tenke på det. Heime tar han dette dilemmaet opp med mor og far, kva skal Nils gjere. Skal han bryte avtalen med Ole som blei så glad når Nils ville komme heim til han? Eller skal han seie nei til kino og risikere at Per, Lise og Kari ikkje vil vere med han meir?

motverke marginalisering – både sosialt og fagleg. Det er viktig at skulane tør å vere ærlege og erkjenne at dei kan ha utfordringar som dei må ta tak i. Vi er nødt til å involvere elevane i dette arbeidet. Elevane veit kva som skjer og har ofte gode forslag til kva dei vaksne kan gjere for å sjå og ta tak i uønska adferd.

Det er viktig at ein tar opp ulike dilemma med både elevar og førsette. Dersom skulen har kultur for å diskutere ulike case/dilemmaer, vil det vere enklare for elevar og førsette å takle slike problemstillingar når dei oppstår.

Elevar og førsette vil også lettare kunne ta slike problemstillingar opp med skulen og søke råd der.

Alle skular har fått gode rutinar for å jobbe førebyggande, og gjennomføre aktivitetsplikta når dei får meldingar frå elevar, førsette og tilsette om barn som ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø på skulen. Men dette er eit kontunuerleg arbeid som skulane alltid må ha på dagsordenen. Vi får aldri eit heilt mobbefritt skulemiljø i Os, men vi skal aldri akseptere mobbing og krenkingar, og vi skal alltid ta tak i det når det skjer. Nye §9a blei gjeldande 1. august 2017- Frå

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Kommunale barnehagar	3. Barnehagetvikling	4. Barnehagemynde	5. Fellessatsingar barnehage og skule	6. Oppveksteigar
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

då og fram til oktober 2018 hadde vi til saman 76 saker på våre skular. Frå oktober 2018 fram til i dag har vi hatt langt færre saker. Nokre saker går også til Fylkesmannen. I slike saker blir alltid kommunaleiinga orientert og kopla på.

Læringskultur og støtte frå lærarane

Ein positiv relasjon mellom lærar og elev er nøkkelen til god klasseleiing. Korleis læraren legg til rette for læring gjennom å kommunisere klare læringsmål, bruke varierte arbeidsformer og materiell, får elevane til å involvera og engasjera seg. Tydeleg forventning gjev motivasjon.

«Relasjonsbygging til elevane er ein motorveg til læring. Elevane lærer betre av lærarar dei likar.» (Pål Roland)

«Dette er lærerens egentlige fag: Å like elever. Å være glad i dem. Han skal være glad i pene barn og stygge barn, i flinke barn og dumme barn, i dovne barn og flittige barn, i snille barn og i slemme barn. Og er han ikke

glad i barn, da må han lære det. For selvfølgelig kan det læres, det som alt annet. Hans gjerning er å omgås hele, levende barn, og ikke bare hoder. Derfor krever lærerkallet av ham at han også selv skal møte frem som helt og levende menneske, ikke bare som et noe større hode. Så enkelt, og så vanskelig, er det å være lærer»

(Jens Bjørneboe, 1962)

Lærarar som meistrar og bruker fleire undervisningsmetodar og opnar for samarbeid og involvering av elevane, har elevar som oppnår betre resultat.

Læraren si evne til å velge metodar tilpassa situasjonen i klasserommet, gjere innhaldet relevant for elevane og tilpassa vanskegraden til elevgruppa og den enkelte elev har stor betydning for om elevane lærer det dei skal og opplever meistring. Læraren må sjølv kunne leie lærings- og utviklingsaktivitetar i tråd med det mandatet som er gitt i opplæringslova med forskrifter. Nokre metodar kan vere betre enn andre i gitte situasjonar og

overfor nokre elevar, men elevar lærer forskjellig og metodevalget må variere. I dette arbeidet må læraren ta i bruk og stole på sitt profesjonelle skjønn. Lærarar og skuleleiarar har ansvar for å vere fagleg oppdatert og forskings-informert. Denne kunnskapen, kombinert med eigen praksiserfaring og kjennskap til elevane, må danne grunnlaget for lærarane og den enkelte skule sine valg av under-visingsmetodar.

Bruk av meir varierte metodar, praktiske oppgåver og andre undervisningsarenaer stiller òg høge krav til lærarane si evne til å leie klassen gjennom de ulike læringsaktivitetane, og til å etablere gode relasjonar til elevane. God klasseleiing er derfor spesielt viktig for at lærarane skal kunne gjere opplæringa meir praktisk og variert. Om eitt år skal den nye læreplanen og fagfornyinga tre i kraft. Vvi går spennande år i møte.

God praksis vil då vere:

- Elevar, foreldre og tilsette kjenner til og handlar i tråd med skulen sin plan for eit godt psykososialt miljø.
- Våre tiltak er basert på systematisk bruk av data, samt gode og relevante analysar.
- Relasjonane mellom elevar, lærarar og leiing er slik at alle tør å seie frå.
- Vi er trygge på å koorigere kvar andre dersom vi ikkje er gode i møte med elevane, eller melde frå til rektor viss vi ser ein vaksen som krenkar ein elev.
- Dei vaksne på skulen har eit felles fokus på at elevane utviser toleranse i praksis og tar vare på kvarandre
- Vi tek tidleg tak i konfliktar, på ein måte som gjer at vi lærer av dei
- Vi arbeider kontinuerleg med å etterleve våre felles verdiar og haldningar i praksis
- Vi framsnakkar tilsette som er gode rollemodellar og modellerer god vaksen praksis i elevgruppa



Skolemiljø og leiing

Studiet innan skolemiljø og leiing ved universitetet i Stavanger hadde som mål å gje skuleleiarar meir kunnskap og kompetanse innan arbeidet med å skape trygge læringsmiljøer for elevane. Studiet var forskningsbasert og praksisnært. Førelesarane gav oss innblikk i ulike praksisforteljingar som gjorde studiet både levande og tett på praksis.

Opplæringslova §9A-2 er klar på at elevane har rett til eit trygt og godt skolemiljø som skal fremme helse, trivsel og læring.

Gjennom studiet fekk vi erfaring med at det må arbeidast aktivt med dei fem delpliktene i §9A. Kva vil det i praksis bety -å følge med? Det er rektor sitt ansvar å sørge for at personalet har den kunnskapen og kompetansen dei treng for å vite korleis dei skal møte og rettleie elevane.

Førebygging og systematisk arbeid er med å danne grunnlag for gode læringsarenaer og klasserom det er godt å være i. God skuleleiing der rektor er synleg, autoritativ klasseleiing, struktur, felles kollektiv standard, relasjonsarbeid, god oppstart av nytt skuleår, eit aktivt elevråd og godt samarbeid med foreldra kan være med å legge til rette for gode læringsmiljø.

Vi fekk også kunnskap om kva ein bør gjere viss ei mobbesak blir eit faktum. Systematisk kartlegging, observasjon og samtaler må gjennomførast. Skulen må dokumentere kva dei observerer, kva dei gjer og kva tiltak ein setter inn. Openheit, kommunikasjon og det at vi er audmjuk i møte med elevar og føresette er viktig.

Spekter er eit kartleggingsverktøy med forskningsbaserte spørsmål som gir oss eit godt innblikk i relasjonane mellom elevane.

Når vi vel å bruke kartleggingsverktøy forpliktar dette også til oppfølging i etterkant av kartlegging.

Gjennom heile studiet var oppgåveskriving, rollespel, kollega rettleiing og gruppessamtaler del av opplegget. Det å møte rektorar frå andre kommunar, kunne utveksle erfaringar og dele kunnskap har vore med å gje meg større tryggleik i arbeidet som rektor. Det har vore arbeidskrevjande og studere ved sidan av full jobb, men eg er svært glad for at eg har gjennomført studiet, då eg opplever meg tryggare i mi rolle og i møte med dei utfordringane jobben som rektor ofte kan by på.

Ann-Irene H. Brunvoll
rektor, Støno barneskule

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Resultat

Vi gjennomfører elevundersøkinga på 7. og 10. trinn . 5., 6., 8. og 9.trinn kan ta elevundersøkinga eller bruke «Spekter» eller «Klassetrivsel». Jamt over har vi gode resultat, men det er variasjon frå skule til skule. Vi har ikkje høge mobbetal, men kvar enkelt mobbesak er ei for mykje og må følgjast opp etter nytt regelverk, kap. 9A.

Suksessfaktorar

- Elevane trivst og føler seg trygge
- God relasjonell og emosjonell klasseleiing i alle klasserom
- Aktive elevar, medverknad, medansvar
- Framsnakking og omdømmebygging
- Systematisk og kontinuerleg arbeid for eit godt og trygt skolemiljø
- Nulltoleranse mot krenking og mobbing der alle tilsette har dette som førsteprioritet
- Trygge og kompetente vaksne driv førebygging gjennom å skape gode miljø for læring og trivsel for alle

Utfordringar

- Sikre alle elevar eit godt og trygt skolemiljø, og fange opp dei spesielt sårbarle elevane
- Vidareutvikle eit systematisk arbeid med elevane sitt skolemiljø gjennom kompetanseheving for å kunne førebygge, møte, avdekke og følgje opp elevsaker
- Redusere fråværet på alle trinn og på alle skular i Os
- Sikre eit godt samarbeid mellom heim og skule

Plan for oppfølging

- Systematisk oppfølging av rutinar og system knytt til nytt regelverk i kapittel 9A. Gode prosedyrar for førebygging, avdekking og handtering av mobbing.
- Elevundersøkinga: Analyse og oppfølging av resultat – deling og refleksjon samla med alle skulane. Kvar skule vel ut to område dei vil følgje opp spesielt. Desse områda må skulane rapportere på til skuleeigar
- I tillegg må vi sikre oss gode rutinar og god kvalitet på gjennomføring av elevundersøkinga slik at vi veit at resultata er reelle, eller bruke alternative undersøkingar som Spekter/Klassetrivsel. Det blir spennande å sjå om det gjer utslag på den enkelte skule på dei to områda dei skal følgje opp spesielt.
- Ressursteam på kvar skule for å sikre god handtering av ulike utfordringar. Gjere elevane medvitne på kva for medverknad dei har per i dag, og vidareutvikle arbeidet med å involvere elevane i beslutningsprosessar
- Skulehelsetenesta er ein sentral støttespelar for elevar, foreldre og skulen sitt personale i elevsaker, og vi skal vidareutvikle dette samarbeidet der helsesøster deltar i skulen sitt ressursteam
- Dialogmøte på alle skulane mellom foreldre og skule

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Kapittel 4: Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet.

Målsetting

- Elevane skal oppleve meistring og motivasjon gjennom praktisk og variert undervisning.
- Skulane skal møte elevane med tillit og respekt, og gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst
- Elevane skal utvikle kunnskap, ferdigheter og haldningar for å kunne meistre eigne liv og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet
- Os vaksenopplæring skal gje gode opplæringstilbod i tråd med Introduksjons- og Opplæringslova

Fakta

- Os kommune har gjennomført den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling (UIU)». Skulane har fokusområde som tek utgangspunkt i denne arbeidet Ressurslærarar, lærande møte, klasseleiing og relasjonsleiing, fagfornyinga
- Fokus på tilpassa opplæring gjennom praktisk og variert undervisning.
- Os kommune arbeider med tema nærvær/fråvær

Tabellen viser kor mange elevar som startar på vidaregåande skule rett etter 10. trinn. P.g.a. ein feil finst det ikkje tal i offentlege statistikkar om Os kommune.

Indikator og nøkkeltall	2014	2015	2016	2017	2018
Os kommune skuleeigar					
Kommunegruppe 08	98,9	98,7	98,3	99,0	98,8
Hordaland fylke	98,7	98,6	98,8	98,4	98,8
Nasjonalt	98,3	98,3	98,4	98,1	98,0

Os kommune skuleeigar, grunnskule, overgangen frå grunnskule til VGO, alle eigarformer og offentleg, alle trinn, begge kjønn



Gjennomføring og fråfall

Tre av fire unge fullfører no vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Det har vore ein reduksjon i fråfallet dei siste åra. Det er samansette årsakar til at elevar sluttar. Mange fullfører også vidaregåande opplæring på eit seinare tidspunkt i livet. Det er ein samanheng mellom grunnskulepoeng og gjennomføringsgrad i VGO. Nesten alle som oppnår meir enn 50 grunnskulepoeng, og som vel allmennfaglege utdanningsprogram, fullfører vidaregåande opplæring på normert tid. (frå Bufdir)

Samarbeid mellom meistringsteamet (MT) og vidaregående skule

MT har eit systematisk samarbeid med aktuelle vidaregåande skular for dei elevane teamet følger opp. I all hovudsak har meistringsteamet eit samarbeid med Os vgs, då dei fleste av deira elevar startar her.

I praksis kan dette bety:

- Hospitering på skulen eleven har søkt på
- Samarbeidsmøte i forkant av oppstart (alltid)
- Eleven får besøke skulen før oppstart
- MT har kontakt med eleven ved oppstart (evt besøk på skulen)
- Vidaregåande skule kan ta kontakt med MT ved behov

Tabellen viser elevar fra Os kommune som har fullført og bestått VG1





Ung Arena

Formannskapet vedtok i juni 2019 at Os kommune skal etablere Ung Arena. Ung Arena er ein møtestad for ungdom, der ein også kan få mogelegheit til lågterskel samtaletilbod om det trengs. Helsestasjon for ungdom blir også ein del av dette tilbodet.

Ung Arena er under utarbeidning, men ein ser for seg at ein skal ha ope to gonger i veka og at det skal vera eit gratis tilbod. Vi ser for oss at det blir ein arena for organisert og uorganisert ungdom, der det også vil bli arrangert kurs og temakveldar etter behov.

Heile kommunen er involvert på tvers av einingar, samt at ein stor del av konseptet med Ung Arena er at ein involverer ungdommar i heile prosessen. I tida framover skal vi ha stands på skular, arranger workshop, samt oppretta eit ungdomspanel.

Oppstart Ung Arena vil vere i februar /mars 2020. Ung Arena blir lokalisert i Os aktiv ved Os ungdomsskule.

Ungdata 2019

Undersøkinga blei gjennomført på begge ungdomsskulane og alle dei tre vidaregåande skulane i februar 2019. Ruskonsulent har vore kontaktperson og bindeledd mellom Os kommune og KORUS Bergen Vest og Oslo Met. Koordineringsansvaret har frå starten vore delt mellom Marita Wallevik og Per Gunnar Lunde Oseng.

I samråd med Fusa kommune blei det gjennomført lik undersøking for både kommunar i 2019. Dette for å sikre eit framtidig samanlikningsgrunnlag i Bjørnafjorden.

Resultata blei sendt til kommunen 30. april. Nokre hovudpunkt blei presentert i kommunen sitt siste tenesteutvalsmøte 29. mai. Den same presentasjonen blei vist for oppvekstleiarmøte i Tunet kyrkje- og kultursenter 13. juni. Arbeidsgruppa vil utfordre rektorane i møte 3. oktober på korleis ein kan nytte materialet i møte med foreldregruppa på skulane. Vi har òg ambisjonar om å gjennomføre ein open temakveld/konferanse på våren 2020. Her kan ein invitere både foreldre, tilsette i kommunen og det frivillige apparatet. Arbeidstittel for samlinga er «Ung i Bjørnafjorden». Ein ser for seg at samlinga kan tene som ei lansering av Ung Arena.

Resultata blei presentert for alle elevane på Os vgs i oppstartveka no i haust. Det skal òg presenterast på foreldremøte for 9. klassane på Os og Nore Neset ungdomsskule. Funn frå UNGDATA har vore brukt i systemarbeid knytt til etablering av prosjektet Ung Arena. I tillegg skal resultata integrerast i årets folkehelserapport.

Arbeidsgruppa er i dag samansett av Therese Johnsen, Marita Wallevik, Hanne Marthe Liabø, Elin Tuft, Anne Solberg Andersson og Per Gunnar Lunde Oseng.



Suksessfaktorar

- Godt samarbeid på tvers mellom oppveksteigar, skular og fagteneste
- Aktiv oppveksteigar frå politisk nivå som syner interesse for kvalitet i skulen
- God dialog og gode møtepunkt på alle nivå
- Langsiktige satsingsområde i tråd med nasjonale føringer
- Felles rutinar for handtering av fråvær

Utfordringar

- Å kome tidleg inn i saker med bekymringsfullt fråvær
- Oppretthalde lågt fråfall i vidaregåande skule
- Sikre gode overgangar for alle barn og unge

Plan for oppfølging

- Formalisere og skriftleggere samarbeidet mellom Os kommune, Os gymnas , Os vidaregåande skule og Meistringsteamet
- Gjennomføre kompetanseheving på alle nivå for å auke skulenærværet
- «Plan for overgangar for barn og unge»: Sikre at planen er kjent for alle involverte
- Etablere Ung Arena
- Følge opp resultata av Ungdata-undersøkinga

Det krevst ei heil bygd for å oppdra,
danna og utdanna eit barn



Å høyra til

Born og unge med kunnskap
om fortid, notid - og tru på
framtida - opplever at dei
høyrer til.



Les mer på: www.oskommune.no

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatningar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Del 5: Fellessatsingar barnehage og skule


Livsmeistring for barn og unge – korleis jobbar vi med dette i Os kommune

Hausten 2017 starta vi den tverrfaglege satsinga «Livsmeistring for barn og unge – korleis jobbar vi med dette i vår kommune?». Bakgrunn for satsinga er fokuset på psykisk helse og livsmeistring blant barn og unge i dagens samfunn. Å føle seg trygg, å oppleve at ein høyrer til, og det å trivast i oppveksmiljøet og lokalsamfunnet er grunnleggande føresetnadar for god psykisk helse gjennom heile livsløpet. (frå folkehelseprofilen 2015)

Omgrepet «livsmeistring» handlar om å kunne forstå og ha mogelegheit til å påvirke avgjerande faktorar for meistring av eige liv. I rammeplan for barnehagen er det presisert at barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å utjewe sosiale forskjellar.

Barnehagen skal bidra til barna sin trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd, og førebygge krenkingar og mobbing.

I den nye overordna delen for skule er folkehelse og livsmeistring eit tverrfagleg tema som skal gi elevane kompetanse som fremjer god psykisk og fysisk helse, og som gir muligheter til å ta ansvarlege livsvalg. I barne- og ungdomsårene er utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande. Lokalsamfunnet og kommunen har stor innflytelse over mange arenaer for barn og unge.





Figur 1: En illustrasjon av utvikling og eksempler på noen sentrale arenaer på ulike alderstrinn.
(Folkehelseinstituttet, 2018).

Viktige arenaer for å bygge god psykisk helse

Lokalsamfunnet og kommunen har stor innflytelse over mange arenaer for barn og unge. Det helsefremjande og førebyggande arbeidet vil få best kvalitet dersom dei ulike aktørane drar i same retning og ser tiltaka i eit utviklingsperspektiv.

0–3 år: Helsestasjonen og barnehagen er viktige arenaer for det helsefremjande og førebyggande arbeidet. I tillegg er mange barn og foreldre ein del av uorganiserte nettverk.

3–6 år: Barnehagen og uorganiserte arenaer for leik og aktivitet som nabolag og leikeplassar er viktig. Mange barn begynner også med organiserte fritidsaktivitetar.

6–16 år: Barna utvider omgangskretsen sin, og det blir meir vanleg å delta i organiserte fritidsaktivitetar. Barna tilbringer mykje tid både på skulen og i skulefritidsordninga (SFO). I tillegg spelar skulehelsetenesta og den pedagogisk-psykologiske tjenesta (PPT) ei viktig rolle for det førebyggande arbeidet.

16–19 år: Dei fleste går i vidaregåande skule. I tillegg utvikler mange eit sjølvstendig forhold til organiserte og uorganiserte aktivitetar. Nokre unge får også kontakt med arbeidslivet i denne perioden.

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Kommunale barnehagar	3. Barnehagetvikling	4. Barnehagemynde	5. Fellessatsingar barnehage og skule	6. Oppveksteigar
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

Livsmeistringsatsinga 2018–19

Hovedfokuset i den tverrfaglege satsinga er barnehage og skule som ein førebyggande arena. «Å høre til» - fellesskap og vennskap er eit felles overordna tema for heile oppvekstområdet.

I løpet av barnehage- og skuleåret har vi faste møtepunkt der satsinga Livsmeistring er på agendaen. Oppvekstforum er eit felles møtepunkt der alle leirarar på oppvekstområdet deltek. Vi har hatt tre møtepunkt i 2018–19 med Livsmeistring for barn og unge som tema.

Alle skulane og ressursteama har i 2018–19 fått invitasjon til nettverk kring livsmeistring, nærvær-fråvær. Vi har fått gode tilbakemeldingar på dette innhaldet, der kommunepsykiatane har hatt ansvar for den faglege delen av presentasjonen. Arbeidet med å auke nærvær og førebygge fråvær vil fortsatt vere ein sentral del av satsinga

Livsmeistring for barn og unge. I løpet av siste året har tilsette frå oppvekstområdet delteke på Læringsmiljøkonferansen med tema Medborgarskap og Livsmeistring og konferansen Ungt utenforskning. Desse konferansane er nyttig fagleg påfyll for å sikre forskningsbasert kvalitet inn i satsingane våre. Vi vil legge til rette for at føresette og råd/utval i barnehage og skule blir tettare på våre satsinger.

Hausten 2019 starta vi med ei felles samling i Oseana 14. august for alle som arbeider med barn og unge i kommunane Os og Fusa. Samlinga starta med framsyninga *#heng deg* frå Nittedal teater. Dette er Noregs største turnéframstilling med mobbing som tema. Framsyninga tek eit oppgjer med eit av våre største samfunnssproblem; mobbing og utesetjing. Vidare var det «Sommerfugleffekten» som stod på programmet. Sommerfugleffekten er ein liten organisasjon som er bygd på Silje Marie Strandberg sin personlege historie om mobbing og

ti år som psykiatrisk pasient. Dette blei ei sterkt oppleving for dei i salen, og ei viktig påminning om vårt felles ansvar for å sikre eit trygt og godt oppvekstmiljø for alle.

Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn



Å verta anerkjent

I eit positivt og anerkjennande miljø vert alle sett og opplever samhald.



Les mør på: www.oskommune.no

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatsingar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Overgang frå barnehage til skule

I 2018/19 gjennomførte vi den nasjonale satsinga «Språkløyper» si kompetanseutviklingspakke «Overgang frå barnehage til skule». Det blei gjennomført seks nettverk der styrar, rektor og pedagogar frå barnehage- og skule deltok. Arbeidet med kompetanseutviklingspakken har fokus på korleis barnehage og skule kan lære av kvarandre og skape ein betre samanheng og kontinuitet i overgangen frå barnehage til skule. Ein god samanheng mellom barnehage og skule handlar om å legge til rette for eit helskapleg opplæringsløp som

ivaretok barnet sitt behov. Plikt til samarbeid mellom barnehage og skule er forankra i lovverket, Barnehageloven §2 a. «Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole» og i Opplæringslova § 13-5 «Plikt til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skolen».

Hausten 2019 blir det utarbeidd ei revisert utgåve av «Plan for overgangar for barn og unge i Bjørnafjorden kommune». Utkastet vil bli sendt ut på høyring hausten 2019 og blir gjeldande frå 01.01.2020. Gjennom felles system og rutinar skal planen sikre kvalitet og eit likeverdig

tilbod i overgangane for alle barn og unge i Bjørnafjorden kommune.

Planen vil bli presentert og kommunisert ut til alle involverte parter for å sikre at dei er kjende med planen og tek han i bruk i overgangsarbeidet. «Plan for overgangar for barn og unge i Bjørnafjorden kommune» vil bli publisert på nettsidene til kommunen.

I overgangen frå barnehage til skule er det eit skifte i gjeldande lovverk, frå Barnehageloven til Opplæringslova. For å sikre ein god overgang frå barnehage til skule for dei borna som har særskilte behov har vi som ei forsøks-

ordning tildelt ein «god start»-ressurs for å sikre gode rammer for desse elevane. I tillegg har vi lagt til rette for at personal frå barnehagen og spesialpedagogar frå Fagsenteret kan følge barnet over i skulen dei første vekene. Gjennom denne satsinga sikrar vi kontunitet, vidareføring og modellering av det spesialpedagogiske arbeidet frå barnehagen over i skulen. I tillegg er det trygt og føreseileg for barn og foreldre at ein kjent vaksen frå barnehagen er med den første tida i skulen.



Nærvær-fråvær

Gjennom skuleåret 2018/19 har skuleigar hatt eit spesielt fokus på arbeid med nærvær og fråvær. Etter å ha kartlagt fråværsbiletet i Os kommune, såg vi behovet for å sikre oss betre rutinar og meir likeverdig tilnærming til temaet for alle skulane våre. Nokre av fråværssakene i kommunen er svært komplekse og vanskelege å løyse. Dette er saker som tek mykje tid, og som fører til at barn og unge går glipp av lange periodar med undervisning og det viktige fellesskapet på skulen.

Med utgangspunkt i dette, har vi oppretta eit nytt SIM-team. Teamet består av kommunepsykolog, tverrfagleg rådgjevar og skulefagleg rådgjevar. Ved behov har vi utvida møte der representant frå PPT, meistringsteam, ungdomsskulane og førebyggande helse deltek. SIM-teamet har gjennom året gjennomført lærande møte i ulike forum, i tillegg til at lærarar på mellomtrinnet

og ungdomstrinnet har vore på felles nettverksmøte der nærvær og fråvær har vore tema. Som eit ledd i arbeidet med nærvær og fråvær, og for å sikre felles rutinar på alle skulane våre, har SIM-teamet laga ein lysbiletepresentasjon som alle skulane skal vise på foreldremøta frå 1. til 10.trinn. I presentasjonen er det spesielt fokus på kva bekymringsfullt fråvær er, i tillegg til at han synleggjer beskyttelses- og risikofaktorar knytt til fråvær.

SIM-teamet vil besøke alle skulane i Bjørnafjorden og gjennomføre fagøkter med heile personalet. Teamet vil peike på «skulen som forebyggende arena» og friske opp i innhaldet i SIM-permen. Personalet vil også få opplæring i å fylle ut og skåre skjema knytt til fråværsproblematikk. For å synleggere noko av arbeidet som blir gjort rundt dette temaet har vi valt å ha med praksisforteljingar frå to av skulane våre.

OS KOMMUNE

«SJÅAST I MORGON!»

TILTAKSPAKKA FOR SKULEFRÅVÆR



BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatningar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Arbeid med nærvær og fråvær på Os ungdomsskule

Skuleåret 2018–19 har Os ungdomsskule jobba med å endre rutinane kring kartlegging og oppfølging av bekymringsfullt skulefråvær. I forkant av ei nettverkssamling om skulefråvær gjekk vi gjennom og kartla omfanget av alt bekymringsfullt fråvær. Vi brukte dette som utgangspunkt for å lage ei oversikt i ressursteamet over elevar med bekymringsfullt fråvær. Vi drøfta òg tiltak vi hadde sett i verk, og ansvar for vidare oppfølging. I tillegg starta vi eit arbeid med gjennomgang og fornying av rutinane våre.

Basert på SIM-permen og informasjon henta fra Bærum kommune sin plan for forebygging og oppfølging av alvorleg skulefråvær, laga vi ein kort og oversiktleg plan over skulen sine rutinar. I tillegg har vi laga det vi kallar ei «tiltakstrapp». Denne trappa viser kva som skal gjerast dersom gitte kriterium er oppfylt. Vi har laga trappa slik at dette blir likt for alle elevar, uavhengig av kva som er årsaka til eit stort fråvær.

Målet med arbeidet er å fange opp fleire av dei som treng hjelp, sikre like rutinar på skulen, og gjere terskelen for å ta kontakt med foreldre lågare, fordi ein har klare retningslinjer å forholde seg til. Dei nye rutinane skal vi gjennomgå på utviklingstid før skulestart. I tillegg er det lagt inn sjekkpunkt i årshjulet for kontaktlærarar den 1. i kvar månad. Då skal alt fråvær som er over bekymringsgrensa rapporterast inn, og lenke til kva rutinar som skal følgjast blir òg lagt inn i årshjulet. Vi kjem til å snakke om dei nye rutinane våre på alle foreldremøte, og har laga ein kort faldar med informasjon om skulefråvær, som foreldra skal få utdelt på foreldremøte. Denne blir og lagt ut på heimesida til skulen.

SIM-teamet ved Lunde barneskule

Vi oppretta SIM (Sjåast i morgen)-teamet i 2017. Behovet var auka fokus og system rundt elevane sitt nærvær. Miljøterapeuten ved skulen var ein del av ressursteamet, og vi ønska å utnytte kompetansen han hadde saman med rektor sitt ansvar for elevane sitt nærvær på skulen. Teamet utarbeidde lokal handlingsplan for fråvær på bakgrunn av SIM-permen til Os kommune. Vi tenkjer at høgt nærvær har ein samanheng med godt skolemiljø, og har laga ein handlingsplan for dette. Kontaktlærar har ansvar for ein god oppstart for klassane, laga klasseregler saman med elevane, gjennomgå og repetere desse gjennom året, og gjennomføre relasjonskartleggingar på trinnet minst to gonger årleg.

Kontaktlærar har ansvar for føring og oppfølging av fråvær. Ved bekymringsfullt fråvær blir dette rapportert om til inspektør for trinnet og meldt til SIM-teamet. Saman ser ein på årsak til fråvær, eventuelle mønster i fråværet og kontaktlærar går i dialog med heimen. Tiltak i SIM-permen og eventuelt samarbeid med andre instansar blir nytta om det ikkje blir ei betring, og ein går vidare med saka etter samarbeidet.

SIM-teamet informerer personalet om fråværsføring og minnar om SIM-planen og handlingsplan for godt skolemiljø tre gonger årleg. Teamet er elles ein del av ressursteamet, har eigne møte ved behov og følger opp enkeltsaker.

BARNEHAGE

1. Innleiring

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatningar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiring

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

«Trygg i Søre Øyane»

«Trygg i Søre Øyane – saman er vi best», er eit samarbeidsprosjekt mellom IL Øyglimt, Søre Øyane Barneskule, Søre Øyane Naturbarnehage og Redd Barna, for å styrke samarbeidet mellom verksamheden og heimen til det beste for barna. Overordna handlar dette om å jobbe målretta med viktigeitene av gode vaksne rundt barna i krinsen.

Hovedoppgåva til gruppa er å drive fram prosjektet «Trygg i Søre Øyane». Målet med dette arbeidet er å ytterlegare styrke arbeidet knytta til barn og unge i krinsen, og ved eit endå tettare samarbeid mellom einingane rette et tydeleg fokus på at alle barn skal vere trygge i Søre Øyane krins.

I åra som kjem skal gruppa arrangere blant anna følgande:

Kva	Frekvens	Merknad
Temakveldar for foreldre	1 pr halvår	
Redd Barna cup	1 pr år (haust)	
Kompetanseheving	1 pr halvår	Også for barna / elevar i skulen
Sikring av HMS-arbeid	Kontinuerleg	Gjennomgang av rutiner

Tett samarbeid gjennom året om overgang fra barnehage til skule er ein viktig del av dette prosjektet.

Ein positiv vinst er at vi som er vaksne rundt barna får sett kvarandre og bli betre kjent på dei ulike arenaane der barna ferdast. Gjennom diskusjon på temakveldar får vi eit innblikk i kvarandre sine utfordringar, og kan gje kvarandre konkrete tips og rettleiing til korleis ein situasjon kan løysast.

Eit eksempel på dette er å ha faste måtar å starte ei trening på, på lik linje som vi har faste metodar for oppstart av ein skuletime eller ei samlingsstund i barnehagen.

Kjersti Ellingsen
dagleg leiar Søre Øyane Naturbarnehage



Del 6: Oppveksteigar

Rapportering i Tilstandsrapport 2019 er knytt til målsettingar og fakta frå barnehage- og skuleåret 2018/19. Det betyr at målsettingane er knytt til budsjett 2018 og budsjett 2019, og lover og forskrift frå overordna myndighet.

Målsetting

- Ha eit forsvareleg system som sikrar at krava i lover og forskrifter blir overhalde. Opplæringslova § 13-10 og Barnehageloven § 7
- Sikre tilstrekkeleg barnehage- og skulekapasitet
- Oppfylle nærskuleprinsippet i Opplæringslova
- Oppfylle retten til barnehageplass
- Alle barn og unge skal ha eit oppvekstmiljø som fremmar helse, trivsel og læring og som gir meistring, tryggleik og anerkjenning
- Tidleg innsats for familiar og barn som har behov for bistand

Fakta

- Alle skulane har hatt eit særleg fokus på arbeidet med det psykososiale miljøet. Dette har vore tema i leiarmøte og nettverk for tilsette på skulane
- Implementering av nytt kvalitetssystem
- Det skulebaserte utviklingsarbeidet er knytt til Fagfornyinga, med særleg fokus på overordna del. I tillegg har vi jobba mykje med dei tre tverrfaglege tema «folkehelse og livsmeistring», «demokrati og medborgarskap» og «berekräftig utvikling»
- Gjennom prosjekt Betre læringsresultat (BLR) har vi ein aktiv og god dialog med politisk nivå
- Nærvarer og fråvær i skulen har vore sentrale tema, både på nettverk og i leiarmøte. Dette arbeidet vil halde fram og er til dømes tema i ansvarsdialogen som skuleeigar har med kvar skule. For å få eit samla overblikk over situasjonen har vi gjennomført ei registrering av høgt fråvær, og saman med skulane drøfta rutinar som sikrar at vi følger opp systemet «Sjåast i morgen»
- Samarbeid med planavdelinga for å kunne planlegge for folkevekst og kapasitet i barnehage og skule
- Følge opp vedtekta Skulebruksplan 2010–2020 (revidert i 2018)
- Ansvarsliner mellom nivåa kjem fram i organisasjonskart, delegasjonsreglement og leiaravtalar

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Kommunale
barnehagar

3. Barnehagetvikling

4. Barnehagemynde

5. Fellessatningar
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

Oppveksteigar

Politikarar, administrativ skuleeigar og den enkelte barnehage og skule har eit felles ansvar for å vurdere og følge opp kvaliteten og resultata.

Vi legg vekt på å vere ein aktiv oppveksteigar som er tett på barnehagane og skulane i kvalitets- og utviklingsarbeid. Viktige suksessfaktorar er at oppveksteigar er tett på med støtte og krav, og at vi har få, men felles satsingsområde som varer over tid. Det blir lagt stor vekt på samarbeid på tvers for å sikre at barn, elevar og familiar får koordinerte tenester. Fagtenestene har viktige nøkkelroller inn i barnehage og skule.

Os kommune har, saman med Fusa kommune, anskaffa eit nytt kvalitetsystem som skal takast i bruk i Bjørnafjorden kommune. Det blir arbeidd aktivt med å bygge det nye systemet både på barnehage- og skuleområdet. Dette skal bidra til forsvarlege system innan barnehage og skule, og sikre god internkontroll og informasjonsflyt til alle tilsette.

Tidleg innsats blir følgt opp i eit samarbeid mellom administrativ oppveksteigar, barnehagane, skulane og PPT. Andre fagtenester innan Oppvekst og Helse blir kopla på ved behov. Perspektivet «Tidleg innsats» blir det arbeidd med både på individnivå og systemnivå.

Dialog mellom administrasjon og politisk nivå blir gjennomført gjennom årshjulet knytt til budsjett og tertialrapporteringar. I tillegg blir konkrete saksutgreiinger lagt fram etter politiske bestillingar i Formannskap, Kommunestyre og gjennom fokus på tenestene i Tenesteutvalet. På barnehage- og skuleområdet er satsingar lagt inn i Prosjekt Betre Læringsresultat (BLR).

Folkevekst og auke i barnetal og elevtal gjer det vesentleg å vere i forkant for å sikre tilstrekkeleg barnehage- og skulekapasitet i kommunen. Behova er synleggort i revidert skulebruksplan. På barnehageområdet har vi per i dag noko ledig kapasitet, og

behovet for nybygg eller utviding er ikkje prekært. Det blir arbeidd godt saman med planavdelinga.

Barnehage

Os kommune har 17 barnehagar totalt, to av dei er kommunale. Det er dei kommunale barnehagane politikarane har eit spesielt ansvar for som oppveksteigar. Os kommune har som tilsynsmynde eit ansvar for at alle barn i Os har eit kvalitatittivt godt og likeverdig barnehagetilbod. Vi vel difor å ha merksemd på barnehageområdet generelt.

Tilstandsrapporten inngår som ein del av kvalitetsoppfølginga av dei kommunale barnehagane. I tillegg rapporterer dei kommunale barnehagane gjennom tertialrapportar og økonomirapportar.

Det blir innhenta informasjon gjennom ansvarsdialogmøte der administrativ barnehageeigar får tilgang til barnehagane sine planar, rutinebeskrivingar og annan dokumentasjon som beskriv arbeidet deira. I tillegg er det jamlege

møte rundt barnehageleiing.


Sjølv om eigarrolla berre er knytt til to barnehagar, arbeider vi tett med alle barnehagane som er etablert i Os kommune. Barnehageområdet er i kontinuerleg endring når det gjeld rammer og regelverk. Dette krev tett oppfølging og samhandling med barnehagane. Tal frå barnehagane blir rapportert i BASIL (Nasjonal innrapportering for barnehagar) 15.12 kvart år. Resultat blir presentert i portalen Barnehagestatistikk på bakgrunn av desse tala, og ein kan hente ut og samanlikne tal frå heile Norge. Barnehagefakta presenterer relevant og påliteleg informasjon om norske barnehagar, og er primært retta mot føresette som ønskjer å orientere seg i barnehagetilbodet før dei skal söke barnehageplass.



Barnehagefakta Os kommune

Tal i Barnehagefakta er basert på opplysningar som barnehagane sjølv rapporterer inn i desember kvart år. Tala blir kvalitetssikra av kommunen og Utdanningsdirektoratet. Resultat frå Utdanningsdirektoratets Foreldreundersøking blir også presentert her.

Tal henta frå Barnehagefakta frå eit samla barnehageområde i Os kommune pr. 15.12.18:



Skule

Os kommune har ti barneskular, to ungdomsskular og vaksenopplæring.

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsoppfølginga for skulane. I tillegg rapporterer skulane gjennom tertialrapportar og økonomirapportar. Det blir òg innhenta informasjon gjennom ansvarsdialog mellom administrativ skuleeigar, skuleleiingane og elevråda ved kvar skule. Skulane gjennomfører skulebasert vurdering der organiseringsa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa på skulen er tema. Skulane skal vurdere i kva grad desse faktorane medverkar til at elevane når måla i Kunnskapsløftet og opplever motivasjon og meistring.

Det er gjennomført leiar samling der skulane deler sine resultat og analysar av elevundersøkinga og dei nasjonale prøvene med oss i leiinga og dei andre skulane. Vi ser at skulane blir stadig flinkare til å kartlegge og analysere eigne resultat og sette inn tiltak for forbetring. I Os kommune har vi hatt framgang på nasjonale prøver på 5. trinn tre år på rad. Det

er spesielt gledeleg at gutane gjer det godt i matematikk og engelsk på 5. trinn. Resultat frå elevundersøkinga og Nasjonale prøver blei lagt fram for Tenesteutvalet i mai i tillegg til eige resultatkapittel her i Tilstandsrapporten.

I samband med behandling av Tilstandsrapporten 2018 fekk administrasjonen ei politisk bestilling om å utgreie fleksibel skulestart for seksåringane og legge dette fram for Tenesteutvalet. Det blei lagt fram sak i Tenesteutvalet 13.03.19 (sak 11/2019) med følgande vedtak:

«Skuleeigar og PPT skal, i dialog med skulane, utarbeide lokal rettleiar for begynnaropplæringa. Målet er å sikre at barna får opplæring som er tilpassa eigne føresetnadjar og ferdigheter. Denne prioriteringa blir del av i BLR-satsinga («Prosjekt Betre Læringsresultat») og rettar seg og mot nettverk for førsteklasselærarar og skuleleiinga. Os kommune leverar høyringsuttale til Stoltzenbergutvalet si innstilling. Dersom det blir lagt opp til statlege forsøksordningar, skal dette

vurderast av administrasjonen og leggast fram for politisk behandling.

Os kommune søker ikkje om forsøksordning for fleksibel start for 6-åringar etter dagens lovverk.»

Oppfølging

Det er levert høyringsuttale til Stoltzenbergutvalet si innstilling.

Skuleåret 2018/19 blei den nasjonale satsinga «Språkløyper» si pakke om overgang frå barnehage til skule gjennomført for alle barnehagane og skulane. Arbeid med kompetanseutviklingspakken gir kommunen kunnskip om korleis vi kan utvikle rutinar og system for å skape kontinuitet og samanheng for barnet i overgangen frå barnehage til skule.

Skuleåret 2019/20 har vi ei prøveordning med «God start»-ressursar i overgangen frå barnehage til skule, for å sikre ein god overgang og skulestart for elevar med særskilte behov. Hausten 2019 vil det bli gjennomført nettverk for lærarar på småskuletrinnet og forsterkingslærarar med tema begynnaropplæring, der leik og

leikbasert læring vil vere på agendaen. Revidert «Plan for overgangar for barn og unge» blir sendt ut til «høyring» hausten 2019. Planen er for Bjørnafjorden kommune.

Arbeid med politiske bestillingar:

Arbeidet med den lokale «rettleiaren» for begynnaropplæringa vil bli drøfta som eit Bjørnafjorden-prosjekt. Målet med rettleiaren er å sikre likeverdig opplæringstilbod og ein god samanheng mellom barnehage og skule som ivaretak barnet sitt behov for tryggleik i ein overgangsprosess, og som bidreg til at opplæringa er tilpassa det einskilde barnet sine føresetnadjar. Alle skal oppleve meistring, deltaking og inkludering. Denne rettleiaren skal vere forskingsbasert og erfaringsbasert.

Kunnskapsdepartementet har invitert kommunar til å prøve ut ulike modeller for fleksibel skulestart. Søknadsfrist er 1. november 2019. Døme på utprøving kan vere ulike modeller for tidspunkt og praksis rundt barnet sin skulestart, fleksibel bruk av personale mellom barnehage og skule eller modellar for



styrka foreldresamarbeid og informasjon rundt skulestart. Målet med å prøve ut ulike modellar for fleksibel skulestart, er å få meir kunnskap om korleis vi kan lage gode overgangar og tilpassa skulestarten til barnets beste.

Administrasjonen er inne i ein arbeidskrevjande periode i samband med kommunesamanslåing og ønskjer ikkje å prioritere arbeidet med å prøve ut modellar for fleksibel skulestart. Vi vil halde fram med eit særskilt fokus på arbeidet med å sikre gode overgangar frå barnehage til skule. Administrasjonen er i gang med å utarbeide felles system og rutinar for alle overgangar og spesielt for overgangen frå barnehage til skule. I dette arbeidet er det starta eit forsøk med fleksibel bruk av personalet i barnehage og skule for å sikre ein god og tilpassa overgang. PPT deltek med spesialpedagogar frå Fagsenteret i dette forsøket. Parallelt med dette arbeidet vil ein plan for samarbeid med foreldre i overgang frå barne-

hage til skule bli prioritert. Skuleigar vil delta på samarbeidsmøte der ein skal sikre ein planlagt og føreseileg overgang for barn med særskilte behov. Fleire slike møte er allereie gjennomført.

Tverrfagleg samarbeid

Gode tverrfaglege samarbeid og løysingar til beste for barn og unge har stått sentralt i Oppvekstområdet i fleire år, og vil også gjere det inn i Bjørnafjorden kommune.

Ressursteam i skulen

Alle skulane i Os skal ha eit ressurs-team, og det blir arbeidd med å etablere ressursteam i barnehagane. Intensjonen er å få til et førebryggande og lokalt tiltak som ved hjelp av tverrfagleg kompetanse skal bidra til gode løysingar knytt til enkeltelever, grupper, trinn og skolemiljø.

Det er «ordinære» ressursteam-møte og utvida ressursteam-møte. PPT, Barneverntenesta og helse-

sjukepleiar skal delta i utvida ressurs-team. På dei store skulane bør helse-sjukepleiar delta på alle ressurssteam.

Kommunepsykologane kan også vere aktuelle på enkelte utvida ressurs-møte.


Tverrfagleg kompetanse i skulen

Helse-sjukepleiarene ved Lysekloster barneskule jobbar breitt og tverrfagleg, og er ein svært viktig samarbeidspartner på skulen. Ho er til stades for elevane, deltek i møteverksemd, og held seg oppdatert om aktivitetar i regi av skulen. I tillegg til dette er ho fast deltakar i ressurstamet på skulen. Helse-sjukepleiarene, med sin kompetanse, er ein ressursperson for idéutvikling, rettleiing og observasjon inn i klassane.

Dei tilsette sett stor pris på helse-sjukepleiarene som samtalepartner, mykje fordi ho har ein annan innfallsinkel og ein annan ståstad enn andre i skulen. Dette er med på å bygge relasjonar inn mot elevane, i klassane, kring lærarane og for heile skulen. Slik får ho sett og opplevd elevane på ein måte som gjer at dei veit kven ho er. Dette gjer terskelen lågare for elevane når dei ønskjer å ta kontakt med henne.

Den viktigaste endringa som har skjedd det siste året, er auken i tidsresursen som helse-sjukepleiarene har fått. Denne auka tida gjer at ho kan delta i undervisninga og får møtt elevane i alle skulen sine situasjonar gjennom skuleåret, til dømes gjennom turdagar, temaveke, bestefest og friminutt.

Lars Tore Johannessen
rektor Lysekloster barneskule



Ressursteamet ved Lunde barneskule

Det har vore tradisjon for å ha spes.ped.koordinator og spes.ped.team ved skulane i mange år. Vi ønska å jobbe breiare i samarbeid for å utnytte ressursane på skulen betre. Ved skulestart året 2016-2017 nedsette vi eit nytt team ved skulen som vi kalla ressursteam. Det bestod av rektor, inspektørane, helsejukepleiar, to spesialpedagogar og miljøterapeut. I tillegg til skulen sitt personale er PPT-kontakt invitert med, og det er ønskeleg at barnevernstenesta stiller ved behov.

Tanken var at lærarane melde inn saker til teamet, som blei drøfta der for korleis ein best kunne jobbe vidare med saka. Det er utarbeidd rutinar, retningslinjer og eige tilmeldingsskjema kor lærarane må beskrive situasjonen og kva tiltak som allereie har vore utprøvd. Det må ha vore kontakt med føresette for samtykke for at saka kan meldast opp, samt at diverse resultat frå kartleggingar og andre tiltak må ligge ved.

Annakvar veke møtest teamet halvannan time. Der går ein gjennom status i pågåande saker, og tar opp nye saker som er komne inn. Ved nye saker fordeler vi hovudkontakt i saka, alt etter trinn og kva slags type utfordring det gjeld. Nokre saker er det naturleg at anna fagpersonell tek del i vidare, til dømes PPT, helsejukepleiar, BUP eller BVT.

Vi har som mål at flest mogleg av elevane våre skal få tilpassa opplæring og hjelp i klasserommet, i staden for spesialundervisning på eine- eller grupperom. Ressursteamet kan gjennomføre observasjonar, kome med forslag til tiltak og rettleie personalet, slik at vi som skule kan gje god hjelp innanfor den ordinære undervisninga og hindre at elevar som eigentleg ikkje treng det blir meldt opp til PPT.

Skulen tilbyr i tillegg intensiv opplæring (io) og lesekurs til elevar eller grupper som treng det ein periode av skuleåret. På denne måten ønskjer vi å ta tak i utfordringane elevane har så tidleg som mogleg, for å redusere tal elevar som treng spesialpedagogisk hjelp. Leiar av io-arbeidet er ein del av ressursteamet.

Thomas Lorentzen-Styr, inspektør Lunde barneskule
Elin Skaatun, rektor Lunde barneskule



Normtal for bemanning i barnehage og skule

Det blir vist til årsmelding 2018 og første tertial 2019. I dei kommunale barnehagane er pedagog- og bemanningsnorm oppfylt. På skuleområdet har vi frå hausten 2017 til hausten 2018 auka den pedagogiske bemanninga på skulane i Os kommune med totalt 18,6 heile stillinger. Det kjem òg fram at hausten 2019 vil situasjonen vere at om vi ikkje omdisponerer innanfor skulane sine totale rammer, må vi akseptere at Os kommune ikkje vil klare å oppfylle pedagognorma i 2019. Administrasjonen vil saman med skulane gå gjennom den totale drifta og vurdere bruk av midlar/prioriteringar. Vi må òg vurdere bruk av stillinger som til dømes assistenter og fagarbeiderar og/eller administrasjon og leiing. Vi ser ut frå tala

at fleire av skulane har større gap i oppfylling av norma enn det tildekinga for fjoråret, skjerping av norm og auka elevtal skulle tilseie. I dialog med skulane er tilbakemeldingane at dei har nytta delar av tildelte ressursar til spesialundervising. Dei samla rammene til spesialundervisning vil kommunalsjefen på nytt løfte fram i samband med budsjett 2020. I samband med vurderingane av ressursar er det òg viktig å hugse på at Os kommune gjennom fleire år har satsa på å bygge opp andre stillinger som kjem lærarar og elevane i skulen til gode. Per i dag har vi totalt 5,7 stillinger i Meistringsteamet.

Os kommune er, som ein av ti kommunar, blitt bedt om å sitte i ei «Referansegruppe for evaluering av norm for lærartetthet» i regi av Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet. Så langt er ei av

vurderingane at tildelinga av midlar på skulenivå er krevjande for alle kommunane, og har ueheldig effekt på tildelingsmodellane til skulane. Skular som ikkje er gode nok på inkludering og tilpassa opplæring vil ofte ha fleire elevar som treng spesialundervining og kjem betre ut når tildelinga er per skule. I Os blir skulane tildelt eit rammebudsjett basert på ein tildelingsmodell som i tillegg til elevtal tar høgde for skular med få elevar og/eller skular med barn med spesielle behov.

Skulane gjer ulike prioriteringar og kan bruke ressursane dei får tildelt litt ulikt. Korleis den enkelte skule prioriterer, vil også gjere utslag i forhold til tildeling på lærarnorm. Vi er opptatt av at alle skulane i Os skal få tildeling av ressursar på grunnlag av reelle behov. Slik det er no, er vi usikre på om lærarnorm-

tildelinga kan gi ei urettferdig tildeking i forhold til likeverdsprinsippet vi meiner tildelingsmodellen vår gir. Konsekvensen kan bli at skuleeigarar i Os og andre kommunar må styre meir korleis pengane blir brukt på den enkelte skule, og at rektor sin fridom innanfor ei ytre ramme blir avgrensa.



Lærlingar i barne- og ungdomsarbeiderfaget i Os kommune

Os kommune har hatt ti lærlingar innan BUA-faget skuleåret 2019/20. Lærlingane er verdifulle for oss og er ein viktig ressurs for både barnehagane og skulane. Åtte av lærlingane våre har dette året hatt praksis på skule og gjennomført fagprøve våren 2019, medan dei to siste har vore i barnehage.

Gjennom året har vi gjennomført treff med både lærlingane og rettleiarane og styrarane/rektorane. Vi har hatt møtepunkt der vi har diskutert korleis er det å vere lærling, plikter og rettar, haldningar, utfordringar og gleder ved det å arbeide med barn og unge, samt fagleg utvikling. I halvårssamtalane har vi hatt eit individuelt fokus. Vi har fulgt oppsatt skjema, men har også brukt tid til til å snakke om korleis lærlingane har det. Halvårvurderinga blir dokumentert og lagt i Websak.

Rutinar for oppfølging av lærlingar

Fordi vi ser at både rettleiarane og lærlingane har behov for tettare oppfølging, har vi endra oppfølgingsrutinane. Med utgangspunkt i dette vil vi gjennomføre følgande frå hausten 2019:

- Faste møte med rektor/styrar og rettleiar for dialog rundt det å ha lærling.
- Faste møte med alle lærlingane.
- Opplæringsdag for rettleiarane i regi av fylkeskommunen.
- «Fagdag for alle lærlingane». Fagdagen vil bli brukt til å legge fram problemstillingar frå alle arbeidsplassane, samt tid til diskusjon. Vi vil også jobbe med å fordjupe oss i kompetanseområda og ha fokus på arbeidet fram mot fagprøva.
- Halvårssamtalar med halvårs- vurdering
- Opprette ei Facebookgruppe for rettleiarane. Her kan ein dele god praksis, idear, utfordringar og avtalar.



Forsvarleg system – intern-kontroll i barnehage og skule

Det forsvarlege systemet bygger på nasjonale lover og regelverk. Ansvarsdialogen med kommunale barnehagar og skular er ein viktig del av det forsvarlege systemet. I tillegg har vi følgande styringsdokument/styringsinformasjon:

- Skulebruksplan 2010–2020 (revidert i 2018)
- Plan for overgangar barnehage-skule
- SFO-vedtekter (under revisjon)
- Tertiairrapportering
- Nasjonal skulestatistikk (GSI, nasjonale prøver, elevundersøking)
- Nasjonal barnehagestatistikk (BASIL, foreldreundersøking, informasjon på barnehagefakta.no)


I denne perioden er følgande kompetansetiltak prioritert:

«Kompetanse for kvalitet»

Dette skuleåret har Os kommune hatt 21 lærarar på vidareutdanning. Fem gjennom «stipendordninga», og resten gjennom «vikarordninga». Det er i stor grad basisfaga som har vore prioriterte, men vi har også hatt lærarar på studie innan kreative fag, spesialpedagogikk og rådgiving.

Satsinga på vidareutdanning bidreg til ny og viktig kunnskap på skulane. Leiing og lærarar reflekterer og diskuterer, og har fokus på å utvikle eit meir kritisk blikk på eigen praksis. Vi ser også stor grad av delingskultur i skulane våre, og mange har tatt i bruk spennande, konkrete og praktiskretta arbeidsmetodar.

Andre kompetansetiltak som er prioritert: Rektorutdanning, vidareutdanning PPT, felles utviklingsdagar/leiarsamlingar, kurs for fagarbeiderar/assistentar



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Kommunale barnehagar	3. Barnehagetvikling	4. Barnehagemynde	5. Fellessatningar barnehage og skule	6. Oppveksteigar
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring	5. Fellessatningar barnehage og skule	6. Oppveksteigar

Skule	Chromebook	Elevtal	Chromebook pr elev
Søre Øyane barneskule	66	128	0,52
Lunde barneskule	130	367	0,35
Kuventrä barneskule	90	365	0,25
Lysekloster barneskule	75	192	0,39
Halhjem barneskule	33	83	0,4
Os barneskule	110	344	0,32
Strøno barneskule	19	54	0,35
Hegglandsdalen barneskule	17	62	0,27
Nore Neset barneskule	140	368	0,38
Søfteland barneskule	120	212	0,57
Til saman	800	2175	0,37

Administrative system og digitale verktøy

Os kommune deltek i «samordna regional digitalisering for oppvekstsektor» med andre kommunar i Hordaland. På bakgrunn av mellom andre Os sine erfaringar har vi produsert ein ny handbok for innføring av Chromebook i skulane og vi har delteke i teknisk gruppe som mellom

annan samarbeidde om organisering og gjennomføring av eksamen på Chromebook.

Hovedformålet med det regionale samarbeidet er å sikre betre tenester og unngå digitale klassekille mellom kommunar i regionen. I Samarbeidsavtalen konkretiserast dette til mellom anna raskare saksbehand-

lingstid, betre kvalitet i tenestene og auka grad av sjølvbetjening.

Chromebook i Os kommune

Hausten 2016 starta vi innføring av Chromebook for alle elevar på ungdomstrinnet. Dette skjedde etter vel eit år med utprøving av maskinvaren på Os ungdomsskule. Elevane på 8. trinn fekk då kvar sin Chromebook til bruk i undervisninga. Hausten 2017 fekk nye 8. klassingar sine maskiner, og frå hausten 2018 hadde alle elevar på ungdomstrinnet sin eigen Chromebook.

Samtidig starta utbytting av eldre PC-ar på barnetrinnet. I dag har vi 800 Chromebooks fordelt på 2175 elevar på barnetrinnet. Det gjev eit tal på 0.37 på barnetrinnet. I skrivande stund klargjer vi maskiner som førre års tiande klasse har brukt. Vi ser no at dei

fleste av desse kan brukast vidare i barneskulane. Denne hausten vil vi altså ha i overkant av 1000 chromebooks fordelt på barnetrinnet. I tillegg kjem eit visst nykjøp. Summen av nykjøp og gjenbruk av ungdomsskulen sine maskiner i barneskulen vil gje oss ei god dekning om eit år eller to.

Samtidig med satsinga på Chromebooks har IT-avdelinga oppgradert trådlauast nett på alle skular. Vi er nesten heilt i mål med dekking av alle undervisningsrom på skulane med trådlauast nett.

All programvare vi har hatt tilgang til på PC-plattforma ligg i «skyen». Det har ikkje vore nokon vanskeleg overgang til ein maskin der ein nesten utelukkande arbeider via nettlesaren. Alle skular har tilgang til ItsLearning som læringsplattform, ein del av skulane har valt

å bruke Google Classroom som plattform for ut- og innlevering av oppgåver. Alle elevar og lærarar har sin Feide-pålogging som gjev tilgang til maskin og kommunen og skulen sin programvare.

På ungdomstrinnet har vi verktøy for «omvendt undervisning», øving og drill i matematikk, digitale ordbøker og verktøy frå dei ulike læremidla dei brukar. På barnetrinnet brukar skulane programvare tilknytta læreverka, i tillegg til dei generelle verktøya alle har tilgang til.

I Os kommune er satsinga på Chromebook ein ubetinga suksess. Skulane melder om ein ny kvardag på skulen.

Maskinene er raske å ta fram og raske å legge bort. Innloggingsproblem er så godt som borte. Det betyr meir tid til pedagogisk arbeid og arbeid med læring. Maskinene ser ut til å halde seg godt. Dei opplevest like raske no som då dei var nye.

I tillegg til opplæring på Chromebook treng elevane opplæring i nettvett og dømmekraft generelt. Nettvett er viktig å lære dei unge slik at dei veit hva som er greitt og ikke greitt på nett, samt konsekvensar av å dele informasjon på nett. Bruk av IKT-utstyr i undervisninga er framleis krevjande for lærarane, men den tekniske kvardagen er noko lettare med dette utstyret.



Bygg og uteområde i dei kommunale barnehagane og skulane

Os kommune har gjennom mange år gjort ein stor innsats når det gjeld oppgradering av det fysiske miljøet i kommunale bygg. Kommunelege og helsevernet har arbeidd med helseverngodkjenningar på skulane. Teknisk er 10 av 12 godkjende eller avventar formell godkjenning. Dei skulane som avventar ferdigstilling av skulebygg er Lunde barneskule og Os ungdomsskule (gymbygget). Begge dei to kommunale barnehagane er helseverngodkjende. Lysekloster barnehage ventar på utbetringar/ombygging av ledige lokale etter at SFO flytta ut av barnehagen og over i skulen for nokre år sidan. Vi har har halde fram satsinga på uteområda på skulane.

Prioritert liste for renovering:

- 2016 Lysekloster barneskule
- 2016 Os barneskule
- 2017 Nore Neset barneskule

2018	Lunde barneskule
2019	Kuventræ barneskule
2020	Søftland skule
2022	Halhjem barneskule
2023	Søre Øyane barneskule
2024	Strøno barneskule

Våren 2019 blei uteområdet på Kuventræ barneskule ferdigstilt. Her blei det gjort ei stor oppgradering. Utover den planlagde lista foregår planlegging av nytt uteområde på Røde Kors-tomta ved Os barneskule. I samband med ferdigstilling av Os aktiv ved Os ungdomsskule og nytt parkeringsanlegg ved «grusbanen», blir det planlagt ei stor oppgradering av ungdomsskulen sitt uteområde. Til saman vil dette bli eit stort nytt nærmiljøanlegg i Os sentrum. Ved Nore Neset ungdomsskule er det planar for forbeteringar på uteområdet ved skulen. Skulen har planar for ein spennande utvikling av uteområdet spesielt tilpassa elevar på ungdomstrinnet. Dette blir og eit nærmiljøanlegg.

Barnehagane har ikkje vore inne på denne lista. Os barnehage fekk oppgradert uteområdet for nokre år sidan, og det er foretatt mindre utbetringar seinare. Ved Lysekloster

barnehage er det behov for utbetringar. Dette vil bli spelt inn i samband med bruk av midlar til kommunale bygg i budsjettet 2020.



Bygging av Bjørnafjorden kommune

Frå 01.01.2020 er Os ein del av Bjørnafjorden kommune. Både i 2018 og 2019 er det arbeidd med å legge eit felles grunnlag for oppvekstområdet i Bjørnafjorden.

Hovedfokus i barnehage- og skuleprosjekta har vore å bygge opp eit felles kvalitetssystem og overordna strukturar for styring og leiing, og å samordne rammene rundt drifta slik at vi får felles reglement, avtalar og forskrifter på plass for ny kommune.

Struktur:

	Fusa	Os	Bjørnafjorden
Skular	Fire kommunale og tre private barneskular	Ti kommunale barneskular	14 kommunale og tre private barneskular
	Ein ungdomsskule	To ungdomsskular	3 ungdomsskular
Barnehagar	Seks kommunale og ein privat barnehage	To kommunale barnehagar	Åtte kommunale og 17 private barnehagar

Alle oppvekstleiarane (både kommunale og private) har vore med på felles strategisamling der utgangspunktet var å ta i bruk det felles strategidokumentet for Bjørnafjorden og skape eit felles grunnlag for satsingane i Bjørnafjorden kommune.



